

Nynorsk er eit levande skriftspråk med mange brukarar, ikkje ein kulturrell kuriositet som skal konserverast.

Les Signe Opsahl på kommentarplass s. 2

NR 5 • 2012 • ÅRGANG 11 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Samarbeid om ressursar

Nynorskrørsla vil gjerne samarbeide om å styrke tilbodet av nynorske fagressursar i skulen.

s. 5

Språkleg åtak

Høgre går til åtak på nynorsken og vil fjerne både mållova og sidemålsopplæringa.

s. 6

Opnar nye dører

Både kommunen og næringslivet trur Kvivsvegen vil gjere Hornindal kommune meir attraktiv.

s. 18 - 20

Politisk komet



(Foto: Hanna Maria Van Zijp)

Den nye kulturministeren Hadia Tajik (Ap) er den yngste ministeren nokosinne. Møt ministeren som twitrar på nynorsk.

• Sjå s.12 - 13

I tidsklemma



Foto: Toynti Tobekk

Olaug Nilssen kjenner til tidsklemma. I Aurland fortalde ho historier om korleis den kan utarte seg

• Sjå s.10 - 11



Foto: Haukeland Sjukebus

Helse på nynorsk

– Den store utfordringa er at mange av dei tilsette er bokmålsbrukarar som ikkje er så komfortable med å skrive nynorsk. Då er det viktig at helseføretaka legg godt til rette for dei med kursing og oppdateringar på språklege endringar, seier kommunikasjonsdirektør i Helse Vest, Bente Aae. Dei siste åra har Språkrådet fått inn om lag 10 klager på målbruken i helseføretaka som ligg under Helse Vest.

– Eg trur mykje av dette handlar om at område er språkblanda, det ser ein òg ved at problema er mindre i Helse Førde enn i Helse Bergen. Det har òg mykje med kultur å gjere, seier Daniel Ims i Språkrådet.

Side 8-9

BRUK
LNK
KORTET

I Skien bur du på Dag – då blir det i familien



Hotell
Dag Bondeheim

HOTELL OG TRADISJONSMAT MIDT I SKIEN SENTRUM
OVERNATTING • SELSKAP OG FEIRINGAR • MØTER
Prinsesseveg 7 • 3724 Skien • tlf 35 52 00 30 • hotel@dagbondeheim.no

Kjem du frå ein LNK-kommune
er prisen kr 795 per natt
www.dagbondeheim.no



Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

LEIAR

Kven skrik høgast?

Dei fleste av oss får eit forhold til helseføretaka og sjukehusa gjennom livet, enten som pasient, pårørende eller tilsett. Sjukehusa er ofte nerven i lokalsamfunnet, ei nerve som bør vere presentert på det språket som mållova slår fast.

Paraplyen Helse Vest har nynorsk som tenestemål. Det har også tre av fire helseføretak i organisasjonen, men der stoppar også likskapen. Medan nynorsken ser ut til å vere eit ikkje-problem i Helse Førde slit Helse Fonna og Helse Bergen med å gjennomføre nynorsk som tenestemål.

Ikkje minst skuldast dette reaksjonane. I dei store byane Bergen og Haugesund er innbyggjarane stort sett bokmålsbrukarar, og dermed vekkjer skilt, nettsider og informasjonsbrosjyrar på nynorsk motstand. I det bildet blir klagene på manglande nynorskskrift i helseføretaka få og engasjementet snudd litt på hovudet.

Språkrådet fekk inn om lag 10 klager på målbruk i helseføretaka som ligg innunder Helse Vest i 2011 og 2012. Etter det kommunikasjonsavdelinga i Helse Bergen seier, er klagene andre vegen både fleire og større. Dermed er det ikkje dei som blir råka av brot på mållova, som skrik høgast.

Argumentet til Helse Bergen om at dei ikkje hadde økonomi til å skifte ut skilta på Bergen universitetssjukehus i 2004 då dei vart lagde under mållova, men at dei valde å giere det etter kvart som skilta måtte skiftast av andre grunnar, kan ein til dels forstå. Likevel er det truleg viktigare enn nokon gong at også sjukehusa og helseføretaka viser lokal identitet og er tydelege i sin språklege kommunikasjon – på det tenestemålet mållova meiner er korrekt.

Meir rom for nynorsk i skulen



Signe Opsahl

Dagleg leiars Likestillingscenteret

KRONIKK

Språk er ein sentral del av menneska si identitets- og samkjensle. Derfor er det viktig at den som ønskjer det, framleis kan velja nynorsk som hovudmål gjennom heile skolegangen.

Nærare halvparten av dei 13 % som har nynorsk som hovudmål ved skolestart, går over til bokmål innan utgangen av vidaregåande. I Noregs Mållag si undersøking (2009-2010) svarar fleirtalet at dei skifta til bokmål fordi det er enklare i og med at bokmål er dominerande i media, tidsskrift og bøker. Men kan det vera meningsfullt – og i språkleg interesse – å sjå på nynorsk som ein del av likestillings spørsmål?

Likestilling har tradisjonelt sett handla om å fremja like rettar og gjera det like lett for kvinner og menn å utfalda sitt ibuande potensiale. I dag blir omgrepet brukt også i vidare forstand. Likestillings- og anti-diskrimineringsarbeidet skal fanna alle, uavhengig av funksjonsevne, seksuell orientering, alder, etnisk bakgrunn, språk, religion m.m.

Eit ope og likestilt samfunn, der alle menneske møtest som unike og likeverdige personar, er ein føresetnad for eit levande og velfungerande demokrati, og for at menneske skal føla samkjensle til fellesskapet. Eit ope samfunn, likestilling og likeverd er grunnleggjande verdiar som vi kontinuerleg må arbeida for å halda fast ved og ta med oss i daglege gjeremål. Desse verdiane er ikkje statiske, og dei går ikkje for eiga maskin. Vi er nøydd til å bruka dei aktivt, diskutera dei og fylla dei med innhald. Verdiane våre endrar tyding i takt med at røynslene og kunnskapen i samfunnet også endrar seg. Det gir derfor meining å knytta bruk av norske målformer i skolen til verdiane om likestilling og likeverd, og sjå nærare på om vi har ein utdanningspolitikk som gir

nok rom for alle, så dei kan ta vare på sin språklege identitet.

Kunnskapsminister Kristin Halvorsen varsla i februar ein revidering av læreplanen i norsk, slik at han skal bli tydelegare og mindre omfangsrik. Planen kjem til høyring i haust og skal vedtakast neste år. I følgje Halvorsen skal hovudmålet til eleven få større plass og ei tydelegare prioritering enn tidlegare. Det skal framleis vera skriftleg sidemål på ungdomstrinnet og på studieførebuande line på vidaregåande, men standpunktarakterane skal reduserast frå tre til to, altså berre ein i skriftleg og ein i munnleg. I og med at hovudmålet skal få større plass, vil det for det aller meste bety at nynorsk vil få mindre samla plass i undervisninga, sidan dei fleste har bokmål som hovudmål.

Halvorsen handsamar nynorskbrukarar som ein minoritet når ho grunnjev endringane i læreplanen. Ho seier ho meiner det er viktig at læreplanen framleis legg vekt på nynorsken sin plass i kultur- og samfunnsliv, og ho vil at alle elev-ar skal lesa fleire nynorske tekstar gjennom heile grunnopplæringa. I ei pressemelding frå Kunnskapsdepartementet seier Halvorsen at ho er redd for at nynorsk skal forsvinna som hovudmål, og at ho ønskjer å høyra på alle framlegg som kan gjera norskfaget betre og løfta nynorsk opp og fram.

Kunnskapsministeren meiner med andre ord at nynorsk krev spesiell historisk og kulturelt grunn-gjeven merksemd for at målforma skal få ein framståande plass i norskfaget i framtida. Dermed lir nynorsk same lagnad som andre marginaliserte språk og grupper; minoriteten får den spesielle merksemda, medan majoriteten i hovudsak legg føringane for den generelle utviklinga.

Viss læreplanen i realiteten skal styrka nynorsk som målform, kan det verka mot hensikta å sjå på nynorsk berre som ein del av kultur- og samfunnslivet vi ønskjer å ta vare på. Nynorsk er eit levande skriftspråk med mange brukarar, ikkje ein kulturell kuriositet som skal konserverast. Nynorsk, og alle elevane som har vakse opp med å skriva det, fortener å kjenna ein reell valfridom til framleis å kunna velja nynorsk som hovudmål.

Halvorsen handsamar nynorskbrukarar som ein minoritet når ho grunnjev endringane i læreplanen.

Statsbudsjettet:

Liten auke til LNK

Dagleg leiars i LNK, Vidar Høviskeland, er glad for auken i statstilskotet til LNK.

– Men det er ikkje nok til å finansiere prosjekta me planlegg, seier han.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

I 2013 får Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) ein auke i statstilskotet på 3,3 %, altså litt i overkant av løns- og prisveksten.

– Me er sjølvsagt glade for at løyvinga vert vidareført, men i år søkte me om ein auke på 600 000 kroner fordelt på tre nye prosjekt. Løyvinga som no ligg inne, gjer at me må finansiere desse prosjekta på andre måtar dersom me skal kunne vidareføre dei. Dette skal styret ta stilling til på neste styremøte, seier Høviskeland.

Heldigvis har LNK fleire bein å stå på enn løyvingar frå staten, men statstilskotet utgjer likevel ein sjettedel av budsjettet vårt og betyr difor mykje for oss, seier Høviskeland.

AUKE TIL SPRÅKÅRET

Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, er godt nøgd med ei støtte over statsbudsjettet på 6,5 millionar kroner til Språkåret 2013. Språkåret er ei nasjonal



LITEN AUKE: Vidar Høviskeland, leiar i LNK, meiner tilskotet ikkje er nok til å finansiere prosjekta organisasjonen planlegg. Her frå debatt på LNK - landstinget i Suldal 2011. (Foto: Elin Moen Karlsen)

feiring av språkmangfaldet i Noreg, samstundes som det markerer at det er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd.

– No ligg alt til rette for ei anstendig feiring av både eldre og nyare delar av det norske språkmangfaldet, og det er eit godt høve til å setje søkjelys på språkpolitiske spørsmål, seier Øvregård i ei pressemelding.

Han er likevel ikkje like nøgd med tilskotet for 2013 til andre nynorskinstitusjonar.

SPENNER BEIN

– Norsk Ordbok, Det Norske Teatret, LNK og Nynorsk pressekontor driv viktige prosjekt som er knytte til jubilea i 2013 og 2014, eller som er viktige for å nå sentrale mål i den statlege språkpolitikken. Eit samla lyft på mange felt ville ha vore

det optimale for å nå dei ambisiøse måla. Særleg uheldig er det at støtta til Norsk Ordbok sviktar i innspurten. Etter ei tung satsing over fleire år for å kome i hamn til grunnlovsjubileet er det uforståeleg at Kulturdepartementet no spenner bein under framdrifta for å spare ein halv million, seier Øvregård.

I budsjettet er det ei tydeleg styrking av prosjektmidlar til tiltak som bidreg til å nå måla i grunnopplæringa, og midlane skal gå til frivillige organisasjonar.

– Vi vonar dei velutvikla planane våre for å styrkje lesing av nynorsk litteratur i grunnskulen og arbeidet vårt for å hindre målbyte frå nynorsk til bokmål er to viktige prosjekt som kan få støtte her, seier Øvregård.

Språkval 2013



(©Stortingsarkivet)

Me utfordrar partileiarane på Stortinget på kva dei meiner blir den viktigaste språksaka fram mot stortingsvalet 2013. I dag: Siv Jensen (FrP).

Siv Jensen meiner kampen for valfritt sidemål er den viktigaste språksaka framover.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

– Kva blir den viktigaste språksaka fram mot Stortingsvalet 2013?

Trur på valfritt sidemål

– Kampen for valfritt sidemål. Eg er også oppteken av språkkunnskapar for å sikre god kommunikasjon mellom tilsette og brukarar i helsetenestene. I ei fersk kartlegging frå NRK og Fagforbundet svarer 46,5 prosent at dei har opplevd kritikkverdige episodar som følgje av at dei tilsette snakkar for dårleg norsk.

– Kva blir den viktigaste nynorsksaka ?

Å få lik moms på e-bøker og trykte bøker meiner eg er svært viktig for å styrke litteraturen, anten han er på bokmål eller nynorsk.

– De vil privatisere NRK og dermed fjerne nynorskkravet, kvifor?

Me er mot lisensfinansiering av NRK. NRK, som alle andre medium, må sjølv få velje kva målform dei vil publisere sakene sine på.

– De vil innføre valfritt sidemål, kvifor?

Nynorsk og bokmål er så likt at dersom du beherskar nynorsk, forstår du bokmål, og omvendt. Me meiner difor det er viktigare for skulen å prioritere at elevane får best mogleg kompetanse i éi målform, framfor å tvinge dei til å lære to.

– Kva tenkjer du om mållova?

Eg meiner det er langt meir effektivt om sakshandsamaren kan svare på skriftlege spørsmål på den målforma vedkomande sjølv ønskjer. Mållova bidreg til høgare administrasjonsutgifter og langt meir papirarbeid i offentleg sektor.

– Kva trur du blir den viktigaste utfordringa for nynorsk kommunane framover?

Eg meiner kommunen si viktigaste oppgave, uansett om dei er nynorsk kommunar eller bokmålskommunar, er å gje innbyggjarane gode tenester. Å levere høg kvalitet innan eldreomsorg, barnehage og skule er kommunen si fremste oppgave.

– Korleis påverkar språsakene eit eventuelt regjeringssamarbeid etter valet?

Som alle andre politiske spørsmål er desse også noko som skal diskutast før eit eventuelt regjeringssamarbeid. Eg er glad for at Høgre har fylgt etter FrP i spørsmålet om obligatorisk sidemål.

Prøv

DAG OG TID

– den nynorske vekevisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøve-nummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



Tips oss – om ein typisk

DAG OG TID -lesar som ikkje les Dag og Tid.

Send SMS til 2007 slik: TYPISK følgd av namn og adresse til personen. (Døme: TYPISK Jonas Gard Større, Riksvegen 10, 5020 Bergen).

Han eller ho du tipsar om, får tre nummer av Dag og Tid, heilt utan plikter. Du får eit Flax-lodd som takk for hjelpa.



Utgjevar:
Landssamanslutninga av
nynorsk kommunar (LNK)

Redaktør:
Judith Sørhus Littlehamar
judith@norsk-plan.no

Redaksjon:

Torfinn Tøbbek

Faste spaltistar:

Jan Olav Fretland

Vidar Høviskeland

Terje Lyngstad

Korrekturlesar:

Dag Gjerd

Adresse til redaksjonen:
LNK-Avisa
4235 Heibnes

Telefon 52 79 04 80
Telefaks 52 79 04 81
E-postadresse: bladstova@lnk.no

Montering:
Norsk Plan as
Astrid Eidhammer Hjeltnesland

Trykk:

Sunnhordland

Oppslag omlag 6000

Bladet kjem normalt ut 6 gonger per år

og kan lingast hjå

LNK, tlf. 22 33 14 00,

LNK-Avisa, tlf. 52 79 04 80,

eller bladstova@lnk.no

Pris kr 150 per år.

Neste utgjeving:

13. desember

Annonseprisar:

1/1 side kr 20 000,-

(253x360 mm)

1/2 side kr 11 400,-

(253x175 mm eller 124 x 360 mm)

1/4 side kr 7 400,-

(128x175 mm eller 57x360 mm)

21 kroner per millimeter.

Prisane gjeld ferdig materiell.

Annonsar blir å levera

som pdf-fil til: astrid@norsk-plan.no

SITATET:

– Det bør ikkje vere slik at kvar einskild avisjournalist står fritt i val av målform. Ein oslogut må skrive nynorsk derom han får jobb i ei avis i Sogn og Fjordane. Og ei voldajente må finne seg i å ha bokmål som arbeidsspråk dersom ho er journalist i Nordstrands Blad.

Torgeir Dimmen på lnk.no om at avisa Næravisa til journaliststudentane i Volda brukar bokmål

Tullefaget norsk

Vidar Høviskeland

Dagleg leiar i LNK



HØVISKE ORD

Landsmøta i AUF er ein viktig politisk verkstad. Med sine 14 000 medlemmer er AUF det største ungdomspartiet, og det som vert vedteke på landsmøta, vert gjerne gjeldande arbeidartipolitikk før eller seinare – ofte før.

Då Øystein Hassel frå Fana i Bergen for nokre veker sidan gjekk på talarstolen i Oslo og lanserte eit radikalt framlegg i den såkalla sidemålsaka, hadde han, i følge Fanaposten, sjølv ikkje tru på at det ville få fleirtal. Både styret i AUF og fleire sentrale politikarar i Arbeidarpartiet har tidlegare signalisert at dei ønskjer å slå saman karakterane i hovudmål og sidemål. Det ønskjer som kjent også Utdanningsdirektoratet, som nyleg har sendt si tilråding i saka over til Kunnskapsdepartementet.

Øystein Hassel nådde fram. Framlegget hans fekk eit stort fleirtal og utløyste ein debatt der mange tok ordet for å tala nynorsken si sak. Den offisielle språkpolitikken til AUF er no såleis at det framleis skal vera eigen karakter i sidemål og hovudmål, at elevane skal møta sidemålet på eit tidlegare klassetrinn enn i dag, og at det skal ryddast opp i det overleste norskfaget.

Hassel seier til Fanaposten at han håpar AUF no skal klara å få dette til å bli gjeldande politikk også for Arbeidarpartiet og få AP-landsmøtet med på den nye lina. Dette er sjølvsagt viktig, men det må mobiliserast og argumenterast lenge før den tid. Landsmøtet i AP skal vera 11. til 14. april 2013, men kunnskapsminister Kristin Halvorsen har alt vedgått at ho vil ta stilling til framlegget til ny læreplan alt i mars neste år.

– Jeg tror vi vant saken fordi det store flertallet i AUF ser verdien av å ha to målformer. En svekking av sidemålet i skolen vil være begynnelsen på en utfasing av nynorsken som selvstendig og likestilt språk. Jeg er glad for at AUF har tatt ansvar og sagt i fra om at det er noe vi ikke ønsker. Med dette vedtaket sender AUF et sterkt signal til Arbeiderpartiet om at ungdommen ønsker å styrke nynorsken både som hovedmål og sidemål, ikke svekke faget ved å slå sammen karakterer, seier Hassel til Fana-posten.

Utdanningsdirektoratet legg i desse dagar fram «Høyringsnotat om endringar i læreplanen i norsk». Den viktigaste endringa ein legg opp til, er ei nedprioritering av sidemålsopplæringa – stikk i strid med gjeldande norsk språkpolitikk slik han kjem til uttrykk i stortingsmeldinga «Mål og meining».

Direktoratet tek rett nok konsekvensen av den kritikken som har kome mot den noverande læreplanen, og har rydda ut ein del stoffområde som er lite relevante eller kanskje meir relevante i andre fag enn norsk. Dette er bra, men her må det ryddast mykje meir. Norskfaget er framleis overambisiøst på nokre område. Det vert opna for at elevane skal få møta sidemål på eit tidlegare klassetrinn. Det er bra, men det vert sagt lite konkret om korleis dette skal skje i praksis.

Men direktoratet vil altså framleis redusera omfanget av sidemålsopplæringa og ha færre karakterar i norskfaget. Når det gjeld eksamensordninga, har ikkje direktoratet endra syn, men er litt mindre bastante enn før og legg i det minste ut fleire alternativ enn tidlegare. Eg har lyst til

Norskfaget er framleis overambisiøst på nokre område

å sitera professor Gunnar Skirbekk: «Eit fag utan eksamen, i eit utdanningssystem basert på eksamen, er ikkje eit seriøst fag» (Dag og Tid 19.10.12).

Skirbekk har sjøvsagt rett, og svært mange, både fagmiljø og politikarar frå alle dei politiske partia på Stortinget, tenkjer som han, seinast altså AUF. Me er sjølvsagt for nytenking og pedagogiske justeringar i skulen, men me har ikkje lov til å gjera norskfaget om til eit tullefag.

Velsvik til Språkåret

Jannicke Velsvik (31) frå Velsvik i Volda er tilsett som produsent i Språkåret 2013.

Velsvik tek til i stillinga i november. 31-åringen frå Velsvik i Volda har ein bachelorgrad i kultur og leining frå BI i Oslo og avsluttar denne månaden ein mastergrad innanfor det same fagfeltet i Barcelona. I tillegg er Karine Munch (46) frå Bærum tilsett i vikariat som programansvarleg i Aasen-tunet.

No kan du spele Wordfeud på nynorsk

Er du av dei som har gått og venta på at Wordfeud skulle kome på nynorsk? No treng du ikkje vente meir, no er nynorskvarianten på plass.

Eid Målungdom og Eid kommune bad tidlegare LNK ta initiativ til å få på plass ei nynorsk utgåve av spelet Wordfeud, og i august kunne den norske utviklaren Håkon Bertheussen fortelje at den nynorske ordboka til spelet ville vere på plass i løpet av hausten.

No er dette klart, slik at alle som lastar ned appen, kan velje mellom i alt 11 språkformer, deriblant altså nynorsk. Har du allereie Wordfeud installert, held det å oppdatere den versjonen du har.

Wordfeud er eit ordspel som er temmeleg likt Scrabble, men utvikla for smarttelefonar. Spelet har blitt svært populært og blir lasta ned og spelt over heile verda.

Må halde på skriftleg nynorskopplæring

Me må halde på den skriftlege sidemålsopplæringa både i ungdomsskulen og i vidaregåande skule, seier leiar i Utdanningsforbundet Mimi Bjerkestrand.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Då ho var nyvald leiar i Utdanningsforbundet i 2010, lanserte ho tanken om ein idébank der lærarar og førskulelærarar kunne hente ut nynorsk materiell.

Det er viktig at lærarane er gode pådrivarar og etterlyser materiell og bøker på nynorsk, uttalte ho den gongen til lnk.no.

NYNORSK IDÉBANK

Bjerkestrand har ikkje gjennomført ideen om ein nynorsk idébank, men meiner Nasjonalt Garborgsenter på Bryne kan spele ei liknande rolle, eit senter Utdanningsforbundet har støtta økonomisk med 100 000 kroner.

– Senteret skal vere eit nasjonalt kunnskapscenter, der mellom anna vidaregåande skular, høgskular og universitet vil vere målgrupper. Her vil det bli utarbeidd undervisningsopplegg og aktive nettsider til fagleg hjelp for lærarar og elevar, seier Bjerkestrand, som no er mest oppteken av korleis dei nye læreplanane i norskfaget kjem til å bli.

Det som blir heilt avgjerande no, er å berge nynorsken sin plass i opplæringa. Det er sterke krefter som vil ta bort den skriftlege sidemålsopplæringa både i ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Vinn desse fram, vil det vere ei katastrofe for nynorsken. Vi må halde på den skriftlege nynorskopplæringa, og elevane må bli prøvde i faget. Viss ikkje vil den nynorske skriftkulturen sakte døy ut eller bli marginalisert, slår ho fast.

MÅ TENKJE NYTT

Bjerkestrand meiner vidare at det må tenkjast nytt når det gjeld utvikling av læremiddel. Ikkje minst er det ei utfordring at det finst lite på nynorsk i den digitale verda.

– Det må vere krav til – og krava må følgjast opp – at når det vert produsert nynorske læremiddel digitalt, må dei også finnast på nynorsk. Lærebøker skal alltid finnast i begge målformer. Dette vert det synda mot, særleg når det gjeld «små» fag. Ein måte å bote på dette er å lage lærebøker der bokmål og nynorsk blir brukte i same boka. Då vil alle elevar måtte lese fagstoff på nynorsk. Det trur eg vil hjelpe til når ein skal handtere skriftspråket, seier Mimi Bjerkestrand.



AVGJERANDE: Det som blir beilt avgjerande no, er å berge nynorsken sin plass i opplæringa, seier Mimi Bjerkestrand i Utdanningsforbundet. (Foto: CF-Wesenberg/kolonihaven.no)

Vil samarbeide om nynorsk ressursbase

Eit slikt senter finst allereie, seier leiar for Nynorsksenteret Torgeir Dimmen om ideen til Mimmi Bjerkestrand om å skape ein nynorsk ressursbase for skulen.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bjerkestrand trekk fram Garborgsenteret på Bryne som eit døme på ein nynorsk ressursbase for skulane og lærarane. Dette meiner Dimmen blir ei litt feil framstilling.

– Å bruke Garborgsenteret og tilboda der som ressurs i undervisninga og lærarskuleringa er sjølvsagt flott, men neppe aktuelt som «nasjonalt kunnskapscenter» på dette området, slår han fast og viser til at det Bjerkestrand trekkjer fram, til



ALLEREIE PÅ Plass: Torgeir Dimmen ved Nynorsksenteret meiner ein nynorsk ressursbase for skulane allereie er på plass. (Foto: Arild Torvund Olsen)

forveksling er likt føremålet og oppgåvene til Nynorsksenteret i Volda.

– I tillegg har ein sjølvsagt Ivar Aasen-tunet i Ørsta, som er godt etablert som ein nasjonal ressursbase for nynorsk språk og litteratur.

Men Dimmen meiner det er god grobott i nynorskskrøsla for å samarbeide, slik at denne kunnskapsbasen kan utviklast og bli både større og betre. Dette seier avdelingsleiar for Nasjonalt Garborgsenter, Inger Undheim, seg samd i.

Det var veldig kjekt at ho tenkte på oss, og me vil sjølvsagt på sikt vere med på å skape ein ressurs for skulane. Det er likevel tunge aktørar i nynorskverda som allereie har den rolla i mykje større grad enn oss, seier ho.

Undheim vil gjerne samarbeide både med Nynorsksenteret, Ivar Aasen-tunet og andre organisasjonar for å styrke arbeidet med å gjere nynorske ressursar lett tilgjengelege for skulane.



Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)

P.B 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo

www.lnk.no • facebook.com/LNKno

post@lnk.no

- Dagleg leiar: Vidar Høviskeland
- Styret: Astrid Myran Aarvik, styreleiar
- Laura Seltveit
- Rune Øygard
- Solfrid Borge
- Gunnar Strøm

Varamedlemmer: Nils R. Sandal, Hallvor Lillesett, Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøyr for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med: Bladet Sunnhordland, KLP forsikring, Hotell Bondeheimen, Fagforbundet, Kommunalbanken



Best Western
HOTELL HORDAHEIMEN

Best Western
HOTELL BONDEHEIMEN

det norske teatret

Sjå meir på lnk.no om tilboda kortet gir

SITATET:

– Kan med STOR glede meddele at landsmøtet nettopp vedtok at AUF meiner at elevar framleis skal vurderast med eigen karakter i sidemål.

Guri Kvalsvik frå AUF i Møre og Romsdal twitra dette etter vedtaket på landsmøtet til AUF.

Høgre med nynorsk-åtak

Høgre vil fjerne både mållova og sidemålsopplæringa. Det har skapt reaksjonar.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Leiar i Noregs Mållag, Håvard B. Øvregård, meiner det er eit alvorleg åtak på nynorsken når Høgre vil fjerne både mållova og sidemålsopplæringa.

– Mållova og sidemålsopplæringa er to berebjelkar for norsk språk generelt og for jamstillinga mellom nynorsk og bokmål spesielt. Når Høgre sitt framlegg til Stortingsvalprogram vil fjerne begge desse berebjelkane, er det eit alvorleg åtak på jamstillinga mellom nynorsk og bokmål, seier Øvregård i ei pressemelding.

Han meiner det er oppsiktsvekkjande at Høgre vil svekke norsk språk i offentleg forvaltning, fjerne nynorskbrukarane sine språklege rettar og gjere nynorsken mindre synleg i ålmenta.

– Skal nynorsk og bokmål kunne nyttast på alle samfunnsområde, må både fleirtals-språkbrukarar og mindretalsspråkbrukarar meiste begge språka. Ei svekking av sidemålsordninga i skulen er ei svekking av nynorskbrukarane sine språklege rettar. Det er i tillegg ei svekking av forventninga til statlege tilsette om å meiste begge språka, slår han fast.

Han er no glad for at det er eit gryande opprør mot forslaga i partiet. Blant dei som har gått ut mot programkomiteen sitt framlegg, er sentralstyremedlem Arne Hjeltnes, ordførar i Stord kommune og leiar i Hordaland Høgre Liv Kari Eskeland, ordførar i Aurland Noralv Distad, ordførar i Haram kommune Bjørn Sandnes, ordførar i Førde kommune Olve Grotle og varaordførar i Volda kommune Eivind Nævdal-Bolstad.



MOTSTANDAR: Sentralstyremedlem i Høgre, Arne Hjeltnes, vil kjempe mot programkomiteen sitt forslag om å endre mållova. (Foto: Høgre)



IKKJE SAMD: Fylkesordførar i Aust-Agder, Bjørgulv Sverdrup Lund (H), reagerer på partiet sitt utspel om at tilsette i staten bør sleppe å skrive nynorsk. (Foto: CF-Wesenberg@kolonibaven.no)

INNARBEIDD PRAKSIS

Fylkesordføraren i Aust-Agden, Bjørgulv Sverdrup Lund (H), reagerer på partiet sitt utspel om at tilsette i staten bør sleppe å skrive nynorsk. Likevel vil han ikkje halde på sidemålet.

Sverdrup Lund er tidlegare ordførar i nynorsk kommunen Valle og meiner det er ein innarbeidd praksis at ein i staten svarer på brev i same målform dei som kjem inn i.

– Høgre er i utgangspunktet for valfridom, så slik sett er dette korrekt å tenkje. Men når det er sagt, meiner eg nynorsk er ein viktig del av identiteten vår, og noko me må halde fast ved, slår fylkesordføraren fast.

Han legg vekt på at utspelet frå programkomiteen no skal ut på høyring, og at ein då får høve til å kome fram med

motargumenta som har vakna til liv fleire stader i partiet.

– Men det er klart eg ser at nynorsken er på vikande front og under sterkt press mange stader, òg i heimkommunen min, Valle. Det er vel kanskje mykje på grunn av det nye mediebiletet vårt, seier han.

– Men dersom dei tilsette i staten skal kunne svare på begge målformer, bør ein ikkje då halde oppe sidemålet i skulen?

– Eg kan forstå at det verkar rart, og at det ikkje er logisk. Men eg har sterk tru på at ein styrkar nynorsken ved å stimulere til auka leseglede i staden for å tvinge elevane gjennom han som valfag. Å halde på sidemålet slik det er i dag, trur eg berre vil føre til motvilje mot språket.

Trass i det har han ikkje ei soleklar løysing på korleis ein likevel kan halde dei skriftlege kunnskapane i nynorsk ved like.

Kanskje bør ein passe på å ha folk med nynorsk kompetanse rundt i kommunane, eller ein kan ha interne kurs. Nynorsk kan også sjølvstøtt vere ein del av høgare utdanning, som eige fag.

GOD FOLKESKIKK

Sentralstyremedlem i Høgre, Arne Hjeltnes, vil kjempe mot programkomiteen sitt forslag om å endre mållova. Med seg på det får han fleire Høgre-ordførarar.

– Eg er mot, seier Arne Hjeltnes til Framtida.no om forslaget frå hans eige parti om å endre mållova slik at tilsette i staten sjølv kan velje kva målform dei ynskjer å bruke.

– Det er eit typisk forslag som kjem opp frå folk som trur dei vil gjera seg endå meir populære. Eg håpar folk tek til vitet. Eg vil argumentere mot forslaget og håpar det ikkje blir noko av, seier Hjeltnes vidare.

Han får støtte frå fleire Høgre-ordførarar. Ordførar i Aurland Noralv Distad skal sjølv delta på landsmøtet til våren. Han meiner det er naturleg for innbyggjarane å få svar frå staten på den målforma dei bruker.

– Eg trur at nynorsken vil overleve på grunn av sine egne kvalitetar og ikkje på grunn av reguleringar. Men uansett synest eg det er god folkeskikk å svare på den målforma ein får spørsmål på, seier han til nettavisa Framtida.

Bjørn Sandnes, ordførar i Haram, er skeptisk til forslaget til programkomiteen.

– Konsekvensen av dette vil bli at det blir mindre nynorsk, seier han.

MÅLLOVA TIL LIVS

Bent Høie og programkomiteen i Høgre vil at tilsette i staten skal sleppe å bruke nynorsk viss dei ikkje vil.

– Systemet i dag er tungvint. Eg synest at me i større grad skal respektere val av språkform, at me lærer å lese og forstå kvarandre sine målformer, i staden for å tvinge andre til å skrive den målforma me har valt, seier Bent Høie til Nr.k.no

No vil Høgre målbrukslova frå 1980 til livs. Der står det at statlege organ skal svare på brev frå privatpersonar, firma og andre organisasjonar i den målforma som brevet kom i. I tillegg gjev ho kommunar og fylkeskommunar høve til å krevje ei viss målform av staten.

No meiner Høgre og Høie at dette er for tidkrevjande og ei ordning som ikkje er ein styrke for språket.



AMBASSADØR: Harald Rønneberg er eit godt førebilete når han brukar baldendialekta på TV, meiner leiar i Norsk Målungdom, Vebjørn Sture. (Foto: Norsk Målungdom)

Dialektpris til Harald Rønneberg

Norsk Målungdom gjev Dialektprisen 2012 til TV-personlegdomen Harald Rønneberg.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

– Harald Rønneberg har gjennom ei årrekke vore ein stødig og positiv ambassadør for haldenmålet i det offentlege rommet og eit godt språkleg føredøme for ungdom, seier Vebjørn Sture, leiar i Norsk Målungdom.

– Det er veldig kjekt å få denne prisen. Eg er ein stolt østfolding og haldensar, som godt veit kor eg kjem frå. Sjølv om eg ikkje er den med det breiaste målet, så føler eg at dialekta er ein stor del av meg. Og ein finn ikkje ein betre icebreaker enn ein jovial østfoldialekt, seier Rønneberg, som no påstår at makker i talkshowet Senkveld, Thomas Numme, har lagt seg i hardtrening på vestfoldialekta.

LÅGARE DIALEKTSTATUS

Dialektprisen blir delt ut éin gong i året og går til offentlege personar som har utmerkt seg med

god og genuin bruk av dialekt. Sture framhevar at Rønneberg bruker ein dialekt som ikkje så mange andre viser fram på TV.

I Noreg har dialekter generelt høg status, men særleg på Austlandet blir enkelte dialekter sett meir ned på. Talemålet i hovudstaden har til dømes mykje høgare status enn dialektene i områda rundt. Østfoldingen Harald Rønnebergs konsekvente og sjølvsikre dialektbruk er med på å motverke denne ulikskapen, forklarar Sture, som overrekte prisen under Norsk Målungdoms haustkonferanse i Drammen.

TUNG SPRÅKPRIS

Harald Rønneberg (f. 1973) er frå Halden i Østfold, og har vore programleiar på TV2 i nærare ti år, fyrst i Idol, deretter for Senkveld. Rønneberg har tidlegare vunne fleire Gullruten-prisar og er no den fyrste østfoldingen som blir tildelt Dialektprisen.

Dialektprisen har blitt delt ut årleg sidan 2001. Prisen har opparbeidd seg status som ein av dei mest prestisjetunge språkprisane i Noreg, kanskje særleg fordi prisen blir vedteken gjennom ein demokratisk prosess av språkengasjerte ungdomar. Blant tidlegare prisvinnarar finn vi namn som Ravi, Ingrid Bolso Berdal, Eli Kari Gjengedal og Lars Vaular.



Gunnar O. Hæreid
Assisterande fylkesmann
i Sogn og Fjordane

Foto: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

PÅ KOMMUNEVIS

Kven skal definera rammene?

I det siste har det vore reist kritikk mot statleg styring av kommunane.

Ei hovudoppgåve for Fylkesmannen er å rettleia og føra tilsyn med kommunane, i tillegg til å vera klageinstans for kommunale vedtak. Når fylkesmannen kjem til at ein kommune ikkje har følgd lov eller forskrift, inneber det ei form for statleg styring av kommunane.

Fylkesmannen byggjer denne styringa på lover vedtekne av Stortinget, på forskrifter vedtekne av regjeringa eller, der det er meir rom for skjønn, på retningslinjer og instruksar gjevne av departement eller direktorat. Dersom Stortinget eller regjeringa meiner at fylkesmannen går for langt i å endra kommunale avgjerder, kan spelereglane endrast. Det står Stortinget fritt til når som helst å endra lovverket slik at kommunane får større sjølvstende. Like eins står det regjeringa fritt innanfor lovverket til å endra forskrifter og retningslinjer for skjøn for å oppnå det same.

Når Stortinget eller regjeringa ikkje kjem med framlegg om gjennomgripande endringar, må dette takast til inntekt for at fylkesmennene i hovudsak styrer kommunane i tråd med dei rammene som dei øvste folkevalde ønskjer.

Det kjem stadig framlegg om å oppretta ein særskilt forvaltningsdomstol, også kalla lokaldemokratidomstol. Eitt framlegg går ut på at denne domstolen skal koma med bindande avgjerder dersom ein kommune er misnøgd med statleg styring.

Stortinget står fritt til å oppretta ein lokaldemokratidomstol. Spørsmålet er om det gagnar demokratiet at det vert overlate til utnemnde dommarar å definera rammene for korleis staten skal styra kommunane, i kryssingspunktet mellom juss og politikk. Utnemnde dommarar er ikkje underlagde demokratisk kontroll, og det kan hevdist at Stortinget fråskriv seg ansvaret dersom dei overlèt oppgåva til dommarar.

Eit anna moment som må vurderast, er kor mykje meir byråkrati og bruk av tid, ressursar og innkjøpte advokattenester det medfører dersom det skal innførast eit nytt nivå for å ta endelege avgjerder i spørsmål der kommune og stat har ulike syn. Somme meiner at det er eit uheldig særmerke for Noreg i motsetnad til i andre nordiske land at det alltid skal forast omkampar om store offentlege avgjerder. Ei oppretting av ein forvaltningsdomstol slik det er skisert, institusjonaliserer omkampar der kommune og stat har ulike syn på eit spørsmål.

Det grunnleggjande spørsmålet er likevel: Skal Stortinget og regjeringa framleis ha det heile og fulle ansvaret for å definera rammene for kor mykje staten skal styra kommunane? Eller skal ein del av ansvaret overlatast til oppnemnde dommarar?

(Innlegget er tidlegare lagt ut på fylkesmannsbloggen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.)



Nynorskdiagnosen

Tre av fire helseføretak i Helse Vest har nynorsk som tenestemål. Det er ikkje alltid like enkelt.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Dei siste to åra har Språkrådet fått inn 10 klagesaker på målbruken i helseføretaka i Helse Vest. Ei av klagen rettast seg mot Helse Fonna, ei mot Helse Vest og resten mot Helse Bergen. Helseføretaka som ligg innunder paraplyen Helse Vest, er: Helse Førde, Helse Bergen, Helse Fonna og Helse Stavanger. Alle utanom Stavanger har nynorsk som tenestemål, helseføretaket i oljebyen er derimot språknøytralt.

Språkrådet har ikkje direkte tilsyn med målbruken i helseføretaka slik dei har med statlege organ, derimot blir tilsynet basert på klagesakene som kjem inn.

– Dei fleste klagenes kjem inn, går på at helseføretaka ikkje er flinke nok til å bruke nynorsk i lysingar, informasjonsmateriell, skilt og på nettsider, seier Daniel Ims, som er rådgjevar i Språkrådet.

Han meiner det er ein stor forskjell på kor mykje nynorsk det blir brukt i helseføretaka, og meiner Helse Førde er best i klassen, medan Helse Fonna og Helse Bergen ligg nederst på stigen.

– Ein grunn til at me har fått inn mange klager på Helse Bergen, er at Haukeland universitetssjukehus i Bergen hadde bokmål som tenestemål fram til dei vart lagde under mållova i 2004. Då vart overgangen til nynorsk truleg krevjande, seier Ims.

Tidlegare i haust klaga barnelege

Anders Alme ved Haukeland universitetssjukehus på taleattkjenningssprogrammet, som ikkje forsto nynorsk. I det taleattkjenningssprogrammet som blir brukt rundt om i helseføretaka, blir det som legen dikterer inn, skrivne på bokmål.

– Programmet skjønnar rett og slett ikkje kva eg seier. I staden må eg bruke gamlemåten med å lese inn på diktafon og få det skrivne ut av sekretæraner, uttalte Alme til Bergensavisen.

Kommunikasjonsdirektør i Helse Bergen, Mona Høgli, meiner dette er eit problem som ikkje helseføretaka har påverknad på.

– Det er firmaet som lagar programmet, som må gjere noko med dette. Helse Bergen valde å ta programmet i bruk sjølv om det berre var ein bokmålsvariant tilgjengeleg, men i ettertid har vi òg teke initiativ til å få på plass ein nynorskversjon. Denne blir køyrt som ein pilot i Helse Førde no, og om ikkje altfor lenge vil han vere i bruk òg hjå oss, seier Høgli, som meiner det er naturleg at helseføretaka skal fylgje mållova, trass i at utfordringar kan dukke opp.

– Sjukehuset vårt ligg midt i Bergen by, som er eit bokmålsområde, og folk har vanskeleg for å akseptere at me skal bruke nynorsk. Når klagenes kjem, må me berre forklare at slik er lova.

Helse Bergen hadde kurs i nynorsk då dei i 2004 fekk nytt tenestemål. Dei prøver òg å ha ein viss kvalitetssjekk med det som blir skrivne av informasjonsmateriell og lysingar.

– Men mykje av dette blir skrivne av fagfolk, og skulle alt ha vore innom oss i kommunikasjonsavdelinga, trur eg me burde ha vore fleire i avdelinga. Ein må hugse på at dette er ein stor organisasjon, med 12 000 tilsette, seier Mona Høgli.

Mållova tel talet på bokmålskommunar og nynorskkommunar når ein skal bestemme kva tenestemål som skal nyttast.

Det betyr at små nynorskkommunar tel, men at Bergen, som er ein stor språknøytral kommune, ikkje tel i den vurderinga, seier Høgli.

I 2004 hadde Bergen universitetssjukehus fleire hundre millionar kroner i underskot. Difor såg ikkje leiinga ved sjukehuset det naturleg å bruke 20 millionar kroner på å skifte skilt frå bokmål til nynorsk.

– Det vart derimot bestemt at ein skulle bytte ut skilta etter kvart som dei måtte skiftast ut av andre grunnar, og då naturlegvis skifte målforma på dei. No hadde me ein situasjon der det var mykje feilskilting på området. Vi bestemte oss for å skifte ut ein del, så no kjem mesteparten over på nynorsk, meiner kommunikasjonsdirektøren.



SPRÅKLEG DILEMMA: Mange av helseføretaka i Helse Vest slit med å bruke nok nynorsk. Ofte blir det forklart med at det bur flest bokmålsbrukarar i området. (Illustrasjonsfoto: Helse Fonna)

Kommunikasjonsdirektør i Helse Vest, Bente Aae, meiner det overordna blir gjort mykje godt målbruksarbeid i helseføretaka, men slår fast at det er mange tilsette over store område, og at glippar i målbruken kan skje.

– Den store utfordringa er at mange av dei tilsette er bokmålsbrukarar som ikkje er så komfortable med å skrivne nynorsk. Då er det viktig at helseføretaka legg godt til rette for dei med kursing og oppdateringar på språklege endringar, seier ho.

Sjølv har Helse Vest kursing både i nynorsk og i klart språk minst ein gong i året for dei tilsette. Også ho meiner det er naturleg at nynorsk har vore eit heitt tema i Bergen.

– I Bergen brukar dei fleste bokmål, og det er heilt naturleg at dette blir eit diskusjonstema der, seier ho.

– *Korleis kan ein bli betre til å bruke nynorsk?*

– Eg trur det viktigaste er å vere oppteken av at ein er tydeleg og klar uansett målform når ein kommuniserer med pasientar.

Daniel Ims i Språkrådet fortel at dei har fått signal om at målbruken ikkje held heilt mål i Helse Fonna.

– Me prøver absolutt å bruke nynorsk, men me har ei klar utfordring i å få inn nynorsk-kompetanse i organisasjonen, spesielt ved sjukehuset i Hagesund, der dei fleste er bokmålsbrukarar, seier kommunikasjonsrådgjevar Eirik Dankel i Helse Fonna.

Han meiner Helse Fonna er ganske gode på nynorsk når det gjeld informasjonsmateriell, nettsider, magasin og lysingar. Men skiltinga er ei vanskeleg sak.

– Me må vedgå at ikkje alle skilt er på nynorsk, nei. Her heng nok noko igjen frå ei anna tid, seier Dankel.

Helse Fonna er i ferd med å ta i bruk taleattkjenningssprogrammet. Eirik Dankel trur ikkje språk har vore eit tema i den vurderinga, men seier dei

kjenner att utfordringane som Førde og Bergen har hatt.

Daniel Ims i Språkrådet meiner språkblanda område er den største grunnen til dei språklege utfordringane.

– Eg trur mykje av dette handlar om at områda er språkblanda, det ser ein

– Eg trur det viktigaste er å vere oppteken av at ein er tydeleg og klar uansett målform når ein kommuniserer med pasientar.

Kommunikasjonsdirektør i Helse Vest, Bente Aae
(Foto: Helse Vest)



KURS: Helse Vest gjennomfører språkkurs for dei tilsette for å styrke nynorskkompetansen (Illustrasjonsfoto: Helse Fonna)

– Når dei er nøytrale, fører det som regel til at dei brukar bokmål. Det er jo rimeleg å forvente at også dei skal bruke ein del nynorsk, men det trur eg det er mindre av.

Resten av av helseføretaka i landet er enten språklege nøytrale eller brukar bokmål som tenestemål.

Følg oss på Facebook
og Twitter

Pirion.no - for deg som jobbar med språk, kultur og litteratur i barnehage og småskulen.

Pirion-kurs
Les meir på www.pirion.no

Nynorske litteraturdagar Aurland:



UREDD: Hans Sande vil skrive så sant og sterkt han kan. Nokre gonger vil det provosere. (Foto: Toyni Tobekk)

Står i stormen

Er det rett å provosere og krenkje folk berre fordi ein kan? Det er i alle fall rett å provosere viss den ein provoserer, har eit maktvertak.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Så seier barnebokforfattaren Hans Sande, og han veit gjerne kva han snakkar om. I 2011 gav han ut barneboka *Pappa er sjørøver*, ei bok som provoserte den israelske ambassaden i ein slik grad at dei klaga ho inn for utanriksdepartementet.

SKULDA FOR ANTISEMITTISME

Dette er ei bok om ein far og dottera hans som reiser frå Noreg til Palestina for å fylle vatn i brønnane som er gadder tomme. Boka, som var støtta av kulturrådet og såleis vart spreidd til biblioteka over heile landet, vart skulda for å vere antisemittisk.

Ambassaden peika på at ein i boka kan få inntrykk av at israelarane nektar palestinarane vatn. «Den måten Israel er dets soldater, et vennligsinnet land og en vennligsinnet hær, blir presentert i en bok for små barn, er forferdelig», heitte det i klagen frå den israelske ambassaden. Det høyrer med til historia at kulturministaren i eit svarbrev til ambassaden uttrykte at det var lite dei kunne eller ville gjere med dette.

NOKON BLIR FORBANNA

— Når eg kjem ut med ei ny bok, så er det alltid nokon som blir glade. Det er også nesten alltid nokon som blir forbanna, seier forfattaren sjølv. Og då snakkar han ikkje berre med denne boka i mente, men med heile forfattarskapen sin som bakteppe.

Sande skriv nemlig også poesi — moderne poesi —, og det er ein sjanger som

i seg sjølv irriterer og klør. Poesien bryt med normer og reglar for vanleg språk, og det er ein provokasjon, seier han.

— Moderne dikt er fragmenterte og oppstykkja. Det er også ein provokasjon.

VIL GJERE OPP

Sjølv meiner han at han er ein fredeleg mann. Det er i alle fall det tilnamnet vener har gjeve han: Hans den fredsele. Men somme gonger må ein gjere opp for urett, og det kan svi. For ein forfattar er det språket — orda ein brukar, og bilda ein teiknar av andre — som kan verke provoserande.

Sande fortel mellom anna om ein episode kor han, i ein diskusjon om kvinner, enda opp med å bruke eit godt innarbeidd kraftuttrykk for å skildre kvinner som er lette på tråden.

— Då eg hadde gjort det, gjekk det ilt i meg, seier Sande. — For det var ikkje fint sagt, og det finst ikkje noko liknande uttrykk for menn som oppfører seg på same viset.

Sande fann derfor opp eitt, eit ganske grovt eitt, og brukte det i eit dikt. Då hadde han gjort opp for seg.

— Eg skreiv diktet på grunn av dårleg samvit over mannssjåvinismen i meg, og eg ville gjere opp for kvinnediskrimineringa i språket.

IKKJE BERRE PROVOSERE

— Ingen vil vere ein provokator, ein som berre er ute etter å terge, seier Sande. Men ein skal ikkje late det vere heller, i alle fall ikkje når den ein tergar opp, er ein som har eit maktvertak i samfunnet. Det var heftig å stå i stormen i fjor, å bli kalla ein antisemitt. Men det hjelpte å få støtte frå bokmeldarar og andre som ope støtta han.

— Eg er ikkje ute etter å provosere, men eg er steikjande dårleg på sjølv-sensur. Eg vil skrive så sant og sterkt som eg kan.

Det var mykje kollektiv nikking og latter frå salen då tidsklemma og Olaug Nilssen si bok *Kjøkkenbenrealisme* var tema under Nynorske litteraturdagar.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det var kanskje ikkje så underleg at semja i salen var stor. Publikum bestod for det meste av kvinner i og eit lite stykke over fertil alder, og Olaug Nilssen og dei to kvinnene som har vore med i bokprosjektet hennar, kunne tale for imøtekommande øyre.

ALLTID DÅRLEG SAMVIT

Kjøkkenbenrealisme byrja som ei bestilling frå forlaget Samlaget til forfattar Olaug Nilssen: Kan du skrive ei bok om kvifor alle småbarnsforeldre alltid har så dårleg samvit? For forfattaren, som sjølv er forelder til tre små barn, vart prosjektet å finne historiene til foreldra: Korleis løysar dei kvardagen, korleis lever dei med tidsklemma?

Det enda opp med 10 kvinner og éin mann som fekk fortelje om kvardagar prega av søvnløyse, turnusarbeid, fordeling av husarbeid, heiltid og deltidd. For Nilssen har det vore viktig å la dei fortelje historiene sine utan krav om at desse skal vegast opp og balanserast av alt som også er fint og kjekt med å ha barn.

— Det er ingen av dei eg har intervjuva, som hatar barna sine eller angrar på at dei fekk barn, seier ho i boka si.

LÅGARE TERSKEL

Ho ønskjer å bli trudd på at ho ikkje har hatt nokon tanke om å henge ut såkalla



DELER HISTORIER: I bokprosjektet *Kjøkkenbenrealisme* bar Olaug Nilssen ønskt å la småbarnsforelder fortelje usminka om kvardagen og tidsklemma. Her saman med frå venstre An-Magritt Lindtner, Magni Hjertnes Flyum og journalist Heidi Hattestein. (Foto: Toyni Tobekk)

cupcake-bloggerar, det vil seie kvinner som tilsynelatande arbeider i deltidsstillingar for å bake muffinsar og blogge om interiør. Men ho har ønskt å vise alt som ikkje berre er vakkert.


— Eg har ønskt å senke terskelen for kva det skal vere lov å fortelje og vise fram, seier ho.

Lanserte ny eventyrbok

For første gong er det gjeve ut ei bok med eventyr frå Sogn og Fjordane. Boka har fått namnet *Kjerringa, Askeladden og kongen sjølv* — Eventyr frå Sogn og Fjordane og er ført i pennen av forfattar og kulturarbeidar Ove Eide. Boka inneheld ei rekkje eventyr som også tidlegare har vore kjende og utgjevne i ulike publikasjonar, men her finst også nokre som blir gjevne ut for fyrste gong.

Under lanseringa på Nynorske litteraturdagar las Eide opp nokre av desse nye, som nok var av ein meir seksuell karakter enn andre eventyr ein kjenner om til dømes Askeladden. Eide meinte dette kunne forklare at desse i si tid ikkje hadde funne vegen til bøkene, men i staden hald fram med å støve ned i ulike arkiv. Noko salen noko humrande tydelegvis sa seg samde i.

Men no er historiene samla mellom to permar, og saman med boka *Huldra, draugen og fanden sjølv*



NYE EVENTYR: Forfattar Ove Eide og Biletkunstnar Finn Egil Eide bar gitt ut boka *Kjerringa, Askeladden og kongen sjølv* - Eventyr frå Sogn og Fjordane. (Foto: Toyni Tobekk)

— Segner frå Sogn og Fjordane, som kom i fjor, nærmar ein seg no eit verk, smilte forleggjar Torkjell Djupedal. Båe bøkene er illustrerte av Finn Egil Eide.

Tidsklemma i seg sjølv er ikkje noko nytt tema, det er stadig framme i media. Men i slike saker er gjennomgangstenen ofte foreldre som står fram og forklarar at dei har funne ei løysing, og at slik burde også andre gjere det, meiner ho.

— Slik er det ikkje i mi bok.

HAR IKKJE SVARA

Og noko svar på korleis tidsklemma kan løysast for den einskilde eller kollektivt frå samfunnet si side, ønskjer ikkje forfattaren å kome med. Ho ønskjer berre å la desse familiane kome til orde med sine forteljingar, dette er ikkje noka oppskriftsbok kor svaret står å lese på siste side.

— Eg respekterer dei eg har intervjuva. Dei skulle få fortelje sine historier, og då skulle det ikkje vere til ein fordømande journalist. Så er det opp til lesaren å vere samd eller usamd.

HAR ULIKE BEHOV

Magni Hjertnes Flyum og An-Magritt Lindtner er to av kvinnene som har fortalt historiene sine, og dei er samde i at det ikkje finst noka oppskrift som fungerer for alle i denne boka eller i det verkelege livet. Medan den eine jobbar som prosjektleiar med fleksibel arbeidstid, men samstundes plikt til å jobbe på ukurante tider, har den andre bakgrunn frå helsevesenet med rigid turnus og lite fleksibilitet i arbeidsdagen. For éi kan løysinga vere kveldsopen barnehage, medan den andre kan ha nytte av sekstimarsdag, seier dei.

PRIVATE HISTORIER

Olaug Nilssen byr også på seg sjølv i boka. Det har ikkje vore berre enkelt, medgjev ho, og både ho og familien har måtta gå nokre rundar undervegs for å avvege kor mykje av familien, og då særskild barna, sine historier som skal få kome på trykk. Det har vore viktig å ikkje fortelje om barna på ein slik måte at dei kan kjennast att, seier ho. Eigne erfaringar og opplevingar, derimot, har vore enklare å risse opp utan for mykje filtrering.

Som til dømes korleis det er å sitje i styret til Norsk Kulturråd og reise frå Bergen til Oslo på møte med alt for lite søvn innabords, kjempe for å halde seg vaken på møtet og slåst for den saka ho ville slåst for for søvnmangelen gjer sitt att. Og til sjuande og sist måtte seie nei takk til ein ny periode i rådet fordi ho kjenner at ho ikkje greier det. Det blir for krevjande.

— Gjer det ilt i ei feministisjel å innsjå at du no har blitt ei deltidsarbeidande kvinne, spør ordstyraren.

— Nei, det gjer det ikkje, seier Olaug Nilssen. — Det som gjer ilt, er at eg har sagt frå meg styreverv. Det er skummelt å seie offentleg at eg sa frå meg vervet mitt i Norsk Kulturråd fordi eg ikkje greidde det. Det å seie frå seg makt på same nivå som menn, det gjer vondt.



OLAUG NILSSEN

Olaug Nilssen (1977) debuterte i 1998 med boka *Innestengt udyr*. Ho har gjeve ut fleire bøker i ulike sjangrar. Ho har også arbeidd med teater og skreiv manus til stykket Hudløs himmel, basert på musikken til Bjørn Eidsvåg. Boka hennar *Få meg på, for fæn er filmatisert* og har vunne fleire prisar. Nilssen har tidlegare vore leiar av Skrivekunstakademiet i Bergen.

Ristar nytt liv i orda

Kristin Fridtun er ei kjend stemme for Dag og Tid sine lesarar. No har ho leikt seg med kvardagsord våre i boka *Norsk etymologisk oppkok*.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Det byrja litt tilfeldig, seier ho: Fordi ho sleit litt med å finne noko å skrive om i avisa, byrja ho å leite litt i ordboka etter ord.

— Eg fann for eksempel ordet *fat* og bruken av det i fraser som *kaka fekk foter* å gå på. Slik såg eg lyset.

NYTT LIV I ORDA

Og slik vart boka til. Det handlar om å ta vanlege ord som folk trur ikkje er noko



DEBUTANT: Kristin Fridtun er kjend for sine spalter i *Dag og Tid*. No gir ho ut bok om kvardagsord. (Foto: Toyni Tobekk)

vidare spennande, riste liv i dei og sjå nærmare på bruksområda, fortel Fridtun. Og det finst mange ord å ta av, så ho blir nok ikkje ferdig med det første, meiner ho. Arbeidsmetoden består stort sett i å tråle ordboker, aller helst nynorsk ordbok, etter ord som har ein litt merkeleg bruk, og så er ho i gang. Som eit døme på eit ord som kanskje betyr noko anna enn det vi har tenkt på, trekkjer ho fram ordet *bonde*.

— Ordet stammar frå ordet *búa* som frå gammalt av betyr ein buande. Og det vil vel seie at vi alle er bønder, ler Fridtun.

SJEKKAR MED AASEN


Trass i den leikne tilnærminga ho har til kvardagsspråket, så er språk ei alvorleg sak for forfattaren. Ho er oppvaksten på Elverum, med bokmål som skriftspråk og ei dialekt som gjekk frå breitt flatbygdsmål til plant bokmål opp gjennom skuleåra. Men i 18-årsalderen oppdaga ho nynorsken, og

det skulle bli hennar store prosjekt. No snakkar ho om Ivar Aasen med stor varme og respekt, og ho har pålagt seg sjølv eit munnleg språkregime som inneber å ta i bruk gamle talemåtar frå flatbygda att. Men der ho ikkje lenger finn orda i dialekta si, der brukar ho nynorsk.

— Då seier eg heller *medvit* enn *bevissthet*, seier ho og meiner alle burde tenkje meir på å bruke nynorsk i talemålet.

Sjølv har ho ein grei leveregel viss ho er i tvil om kva ho ord ho skal bruke:

— Då sjekkar eg kva Ivar Aasen ville ha gjort.



Kulturdronninga

Den nye kulturministeren tvitrar på nynorsk. Det har ho tenkt å halde fram med.

JUDITH SØRHUS LITLHAMAR
judith @norsk-plan.no

21. september kjem Hadia Tajik (29) ut på Slottsplassen saman med statsministeren og fire andre nye statsråder. Ho smiler strålende i ei svart dobbeltspent jakke med ein fargerik bukett med blomar i armane. Det er AUF-leiar Eskil Pedersen som har gjeve blomane til den nye kulturministeren. Hadia har blitt Noregs yngste statsråd, fire år etter at ho vart den yngste rådgjevaren ved Statsministerens kontor nokosinne.

– Å gå ned den slottsplassen var både rart og fint. Fint fordi det var ein stor dag, men rart fordi det var noko eg aldri kunne førestilt meg skulle hende.

Hadia er utdanna journalist og har jobba i aviser som VG, Aftenposten og skrive spalte i Morgenbla-

det. Ho har vore medlem i AUF sidan 1999 og har mellom anna vore nestleiar av Rogaland AUF og leiar av Strand AUF. Som 23-åring vart ho utnemnd til politisk rådgjevar for tidlegare arbeids- og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hanssen. Seinare har ho òg vore rådgjevar for Knut Storberget medan han var justisminister. Dei siste tre åra har ho hatt fast plass på Stortinget for Oslo Ap.

– Det å bli politiskar skjedde gradvis. Då telefonen frå Hanssen kom, tenkte eg at denne sjansen kjem truleg ikkje igjen. Skulle eg gjere dette, måtte eg gjere det no. Dette var jo på den tida då eg eigentleg skulle vekk frå politikken. Eg skulle melde meg ut av AUF og satse på journalistikken, seier ho.

På slottsplassen denne bestemte fredagen avslørte statsminister Jens Stoltenberg at han hadde drøymt om å gje Hadia ein statsrådsplass heilt sidan ho arbeidde for han som politiske rådgjevar. Han kalla den unge politikaren, som har vakse opp i Bjørheimsbygd i Rogaland, både arbeidsam og nytenkjande. Av mange blir ho sett på som ein politisk komet og ei av stjernene på politikarhimmelen som skil seg noko ut.

– Alle er summen av eigne erfaringar. Det er klart at minoritetsbakgrunnen min med foreldre frå Pakistan og oppvekst i Bjørheimsbygd har forma meg. Jobben som kulturminister er den same, sjølv om ein er ung eller har ein annan bakgrunn, men det er klart eg skil meg ut, seier Hadia.

– Det er ei anna interesse for meg som person, og kanskje er det andre forventningar til meg. Eg har

gjennom dei seks åra eg har hatt nasjonale politiske verv opplevd at det er somme som gjerne vil tileigne meg meiningar eg ikkje nødvendigvis har.

Den nye kulturministeren har fått kjent på kroppen korleis det er å vere den første muslimske statsråden i landet. Meiningane er mange, og debatten går til tider med høg temperatur. Det storma i alle fall då Siv Jensen refsa Hadia for å legitimere tvangsekteskap.

– Det var interessant at Siv Jensen hadde dette behovet for å finne ut om eg var norsk nok og om eg støtta menneskerettane? Særleg rart sidan eg har ein mastergrad i menneskerettar. Jobben min er å vere ein så god kulturminister som mogleg, så vil kanskje ministrar i framtida sleppe unna slike krampetrekningar.

Samfunnsengasjementet starta tidleg. I 1999 melde ho seg inn i AUF, med skulepolitikk og antirasisme som kampsaker. Som 17-åring fekk ho det første vikariatet i kulturredaksjonen i Aftenposten. Som 17-åring skreiv ho om gettoen i Bygde-Noreg i Dagbladet. «Foreldre mine var dei første svartingane som flytta til bygda, og fekk derfor ganske mykje merksemd. Storfamilien gjorde sitt aller beste for å ta vare på dei nye maskotane sine», skriv ho.

– Det gjorde sitt at det var stortingsval det året, og at me fekk politikarbesøk og debattar på skulen. Det vekte ei interesse.

– Og eg vart glad i litteratur. Som barn og ungdom las eg det meste eg kom over. I Bjørheimsbygd

kunne ein velje mellom å gå på bedehuset, på fylla eller på biblioteket. Då var valet enkelt.

Hadia drøymmer om at enda fleire skal få tilgang til eit godt kulturtilbod i heile landet. Ho snakkar varmt om å legge eit så godt grunnlag for kulturløftet som mogleg.

– Me har dobla kulturbudsjettet sidan 2005. Målet er å nå 1 prosent av statsbudsjettet til kulturtiltak, i 2013-budsjettet kom me opp i 0,96 prosent.

Tidlegare i haust la ho for første gong fram kulturbudsjettet.

– Det var sjølv sagt spanande, men det er viktig å huske på at dette blir laga gjennom eit heilt år. Dette budsjettet var nesten ferdig då eg tok over ministerposten. Budsjettet høyrer ikkje til nokon særskild minister, det vil vel alltid vere ting ein kunne gjort annleis, men det får eg i så fall kome attende til neste år.

Ho kjenner på at ho er audmjuk, både i høve jobben og oppgåvene.

– Til no har det vore mange «ut av meg sjølv-opplevingar». Berre det å vite kva ansvar som sit i vegene på kontoret, er ganske heftig.

Då utdanningsdirektoratet gjekk ut på nyåret og varsla om at ein kunne forvente seg eit svekka sidemål, byrja Hadia å skrive nynorsk igjen i sosiale medium. Hadia ser på sosiale medium som dagens versjon av gatetorget. Det er der ho møter veljarane sine, og politikarane bør vere der folk er, meiner ho bestemt. Med over 23 000 fylgjarar på Twitter er ho godt synleg. Og det på nynorsk.

– Nynorsken si framtid er avhengig av oss, av alle oss som er opptekne av nynorsk. Det er viktig å bruke nynorsk på ein aktiv og inkluderande måte og å få fleire som er glade i nynorsken, til å bruke språket. Og ikkje berre til å seie eitkvart poetisk, men at ein kan bruke språket til å seie viktige ting med autoritet, det er viktig. Og så håpar eg nynorske tekstar blir introduserte mykje tidlegare i skulen enn det blir gjort i dag.

Som stortingsrepresentant opplevde å ho å stadig oftare få e-postar og brev på nynorsk.

– Det kan sjølv sagt vere fordi det var fleire nynorskpersonar som skreiv til meg, men det kan òg godt vere eit bilete på at folk oppfattar meg som ein nynorskperson.

I haust er Hadia fast kommentator på Lnk.no. Her stiller ho blant anna spørsmålet: Kva har du gjort for nynorsken i det siste?

– Skulen legg grunnlaget for kva elevane meistarar, og dermed også for korleis framtida vert. Men debatten om nynorsken sin plass bør vere langt breiare. Kva er avisene si rolle? Mediehusa? Forlaga? Kommunane? Offentlege verksemdar? Samfunnsaktørar som meistarar, men ikkje skriv nynorsk? For nynorsken klarer seg berre dersom aktørar i alle lag av samfunnet er med på å produsere relevant, god og viktig tekst på målforma.

Ho veit godt kor viktig språkmeldinga er for nynorskørsla, og håpar ho kan vere med på å fylgje opp meldinga.

– Det blir viktig å få ei eiga språkløv på plass. Ho vil bli viktig for å legge rammer rundt språkpolitikken. Det blir sett både til mellom anna Finland og Sverige, der dei allereie har slike lovar. Då bør i alle fall Noreg få si på plass.

Neste år går Språkåret 2013 av stabelen, noko Hadia ser fram til. I løpet av det året blir det arrangert over 100 små og store arrangement.

Då bør eg klare å finne eit arrangement eller to som passar.

– Syns du det er viktig å reise rundt som kulturminister?

– Eg meiner det er ein føresetnad for ein kulturminister å reise rundt og bli kjend med kulturlivet i alle deler av landet.

No ser ho fram til at Anne Enger si utgreiing om korleis kulturpolitikken fungerer, skal bli ferdig. Då skal ho reise land og strand rundt saman med forfattaren.

Den unge kulturministeren drøymmer om å utvide kulturbegrepet. Om å få debatt rundt fleire grundige og vanskelege kjernespmål i kulturlivet.

– Kultur handlar ikkje berre om opera og bibliotek. Desse er vel og bra, men kultur handlar også om sporsmål om ytringsfridom og den kulturelle breidda.

– Kultur er ikkje berre noko ein koplar av med, men noko ein koplar til med, både til samfunnet og til ditt eige kjensleregister.

Nett no handlar livet stort sett om jobben. Ein kulturminister må likevel ut og kjenne ting på pulsen somme gonger.

– Ein kulturminister som ikkje er ute og opplever kulturlivet, er ingen god kulturminister. Eg må forlate kontoret for å gå på konsert av og til.

Sjølv blir ho inspirert av menneske som er prega av integritet, som seier det dei meiner, uavhengig av om det er populært eller ikkje.

– Det er eit ordtak som seier at ein politiskar ikkje berre skal fylgje folkemeininga, men òg skape den.

Nynorsken klarer seg berre dersom aktørar i alle lag av samfunnet er med på å produsere relevant, god og viktig tekst på målforma.

«I alle dagar» tenkte Hadia då statsministeren ringde for å høyre om ho ville kome til statsministerbustaden. Lite ante den unge politikaren at det lurte eit spørsmål om å bli minister bak statsministerdøra.

– Eg trudde han hadde nokre innspel til programarbeidet i Ap, der eg hadde vore med. Eg hadde halde eit føredrag same dagen, der han hadde notert flittig, og eg trudde det var det han skulle snakke om. Eg vart overraska, ja.

SJØLVMELDING

Namn: Hadia Tajik
Alder: 29
Bur: Oslo
Sivil status: Ugift

Les: Jan Kærstad, Kjartan Fløgstad, Henrik Langeland, Zadie Smith, Salman Rushdie

Høyrer på: Rap, Hip Hop, R'n'B, er elles open og søkande på musikk

Førebilete: Ingen einskild person, men mange med gode egenskapar som integritet og vilje til å tenkje prinsipielt

Desse vil bli Årets nynorsk-kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune er mellom dei som ynskjer å bli Årets nynorsk-kommune.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Vil me at språket vårt skal kunne vekse og utvikle seg, må me engasjere oss, seier fylkesdirektør for kultur, Ingebjørg Erikstad.

Kommunane Vinje, Eid, Granvin, Kvinnherad, Gloppen og Radøy har i tillegg til Sogn og Fjordane fylkeskommune søkt om å bli Årets nynorsk-kommune 2012. Erikstad meiner det er viktig for fylkeskommunen å søkje på prisen.

– Sogn og Fjordane utgjer det nynorske grunnfjellet. Fylkeskommunen har nynorsk som sitt offisielle språk og nyttar dette aktivt i alle samanhengar. Vi har gjort ein del bra ting, og vi planlegg å gjere meir. Mellom anna har fylkestinget vedteke å etablere eit nynorsk forum i fylket; eit samarbeid mellom offentlege, frivillige og



SPENT: Sogn og Fjordane fylkeskommune er ein av søkerane til tittelen Årets nynorsk-kommune. Kultursjef Ingebjørg Erikstad er spent. (Foto: Bent Are Iversen)

private aktørar. Nynorskforumet skal vere ein stad for informasjons- og erfaringsutveksling, debatt og handling, seier ho og peikar på språklege utfordringar som fylkeskommunen vil ha i tida framover.

VIL FREMJE SPRÅKGLEDE

– Slik som bruk av nynorskprogram i norskopplæring for framandspråklege, kommunane sin språkpolitikk i høve barnehagane og fleire gode kunst- og kulturproduksjonar til bruk i Den kulturelle skulesekken. Vidare ønskjer vi at språk skal ha ei positiv vinkling. Vi ønskjer å fremje språkglede. Gjennom det kan vi òg bidra til å skape eit språkleg mangfald med respekt for ulike språk.

Fylkeskommunen fekk utarbeidd rapporten «Språkfakta Sogn og Fjordane 1646–2012» sist vår.

– Dette var det Nynorsk kultursentrum som stod for. Fylkestinget handsama rapporten på juni-tinget og vedtok at nynorsk skal vere ei satsing framover. Vi etablerer eit nynorskforum i fylket, og fylkeskommunen vil dessutan utarbeide ein eigen språkbruksplan. Dette som ei

oppfølging av internskulering av dei tilsette i rett og god nynorsk. Dette at vi òg peikar på utfordringar framover, og at vi har ein tanke om korleis vi skal arbeide vidare, meiner eg bør vere eit godt utgangspunkt for å vinne ein slik pris

SPRÅKLEG MEDVIT

– Kva kan fylkeskommunen bli betre på?

– Alle kan bli betre. I ein slik søknad vert det sjølvsagt viktig å få fram det positive i det vi har gjort så langt. Eg tenkjer at språkbruksplanen kan hjelpe oss vidare, ikkje minst med å skrive eit godt nynorsk språk. Med det meiner eg at vi vert meir medvitne om korleis vi uttrykkjer oss, ikkje minst skriftleg. Så har vi heilt sikkert mykje å gå på når det gjeld til dømes å setje krav til nynorsk i leveransar når vi gjer innkjøp.

Kriteria for prisen er utarbeidd av Kommunal- og regionaldepartementet saman med LNK. Prisen blir delt ut for fjerde gong 4. desember på Det Norske Teatret av kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete. Tidlegare vinnarar er kommunane Fjell, Seljord og Stord.

Vil sikre mangfaldet

Dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland, seier seg samd med kulturministeren i at ei boklov vil sikre mangfaldet.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Politiske styremakter må vurdere å innføre innføre ei ny boklov som sikrar utgjevingar av nynorsk litteratur, av debutantar, av smale litterære sjangrar og av litterære prosjekt som krev ein viss økonomisk risiko av forlaga, seier han til LNK-avisa.

– Litteraturen er den viktigaste beraren av nasjonalspråka våre, og ei boklov vil utan tvil kunna vera med på å oppretthalda språkmangfaldet i landet. Det er mellom anna ut frå ein slik språkpolitisk argumentasjon Frankrike har valt å halda på si boklov. For eit lite språkområde som Noreg vert dette argumentet endå viktigare, seier Høviskeland.

KAN ENDRE DRIFTSGRUNNLAGET

I dag er det om lag 60 bokhandlarar i LNK-kommunane, slett ikkje alle desse er eigde av store forlag.

– Driftsgrunnlaget for mange av dei kan verta drastisk endra dersom det vert innført fri pris på bøker. Ei eventuell sanering av små bokhandlarar – og svært mange av desse ligg i område der det berre er ein bokhandel – vil føra til at det vert generelt vanskelegare å få tak i litteratur. Dette vil kunna forsterke ei kulturell og intellektuell utarming av distrikta, meiner LNK-leiaren. Høviskeland meiner vidare at prinsippet om å la marknads-kreftene styre kan føre til at skulebøkene ikkje lenger kjem til å ha lik pris på nynorsk og bokmål, trass i at dette er lovfesta i dag.

– Fri pris på bøker kan altså få som konsekvens at den reelle valfridomen elevlar skal ha til å velja anten nynorsk eller bokmål, vert endå meir uthola enn i dag.

MANGFALD:

Leiar i LNK, Vidar Høviskeland, trur ei boklov vil sikre litterært mangfald. (Foto: Astrid Eidhammer Hjeltneland)



KAN SVEKKE UTVALET

Høviskeland meiner sterkare konkurranse og eit prispress på bøker i utgangspunktet vil sjåast på som positivt for brukarane.

– Men mange forlag brukar forteneasta eller noko av forteneasta frå bestseljarane sine til å sikra utgjeving av litteratur retta mot mindre målgrupper, seier han.

– Dei mest kommersielle forlaga ser på nynorsk-bøker som marginale produksjonar. Lågare marginar på dei «sikre» bøkene kan føra til mindre evne og vilje i forlaga til å satsa på bøker som tradisjonelt sel dårlegare. Alt i alt kan dette føra til ei endå sterkare kommersialisering av bransjen, og til svekking av mangfaldet.

Kulturminister Hadia Tajik (Ap) varslar at regjeringa vil ha eit forslag til boklov klar før sommaren 2013.

– For uforpliktande

I nytt forslag til læreplan i norsk føreslår ein å byrje med sidemål i 2. klasse. – For uforpliktande, seier leiar i Norsk Målunddom, Vebjørn Sture.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR

judith@norsk-plan.no

I den nye læreplanen føreslår ein at alle elevlar skal ha snakka om dialekt, bokmål og nynorsk før dei går ut av 2. trinn på barneskulen. Ein skal òg ha lytta til og snakka om tekstar på bokmål og nynorsk i løpet av dei første to skuleåra.

Vebjørn Sture er godt nøgd med at ein byrjar så tidleg, men er likevel skeptisk til om læreplanen held mål.

– Det blir veldig uforpliktande, og veldig avhengig av kvar lærar, seier han til Framtida.no



SKEPTISK: Vebjørn Sture i Norsk Målunddom ynskjer eit læreplanutkast som sikrar nynorsken betre. (Foto: Odin H. Omdal)

Målunddomen ønskjer skiving i sidemålet mykje tidlegare og vil at elevane skal begynne med dette seinast på 4. trinn.

– Dette vil føra til at elevlar i ulike klassar og på ulike skular kjem til å verta vurderte på heilt ulikt grunnlag. For dei med samvitsfulle og profesjonelle lærarar vil sidemålsskunnskapen telja ein god del. For dei som har uvelvillig innstilte lærarar, som me diverre veit at det finst litt for mange av, vil sidemålsskunnskapen telja så godt som ingenting. Dette luktar ansvarsfråskriving.

Sture reagerer også på at ein ynskjer ei endring i vurderinga av elevane. I forslaget er det lagt opp til tre alternativ for vurdering.

– Det er alternativ 1 som er «lungebrannen» her, medan alternativ 2 og 3 er ulike former for influensa. Alternativ 3 har fordelene av ein eigen karakter, og alternativ 2 fordelene av at sidemålssopplæringa også held fram i VG3. Det er utruleg synd at dei to tinga skal setjast opp mot kvarandre på den måten, seier han til Framtida.no.



Jan Olav Fretland

Førsteamanuensis i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

SPRÅKRÅD

Lagnadstime for nynorsk i staten

Ei av Anders Hovdens vidkjende spissformuleringar var at riksmålsfolket elskar målet (altså nynorsken) som slaktaren elskar lammet. Ikkje dumt å ta fram att den salva hausten 2012, når ein les tåredrypende kjærleikserklæringar til nynorsken frå folk som vil svekkja jamstillinga av dei to måla våre.

Særlig er det Bent Høie og Høgre som utmerkar seg. Det er så synd i byråkratane som må skriva på eit språk dei ikkje meistrar, må vita. Eg trudde byråkratane var til for oss innbyggjarane i Noreg, men det er nok feil. Når eg skriv brev til staten på nynorsk, må eg etter Høies syn gjerne finna meg i å få svar på eit innfløkt og konservativt bokmål. Ja, viss det er det den stakkars byråkraten kan. Det må vel få konsekvensar vidare òg: Har ikkje byråkratiet greie på det eg spør om, bør dei kanskje få lov å svara på noko anna, som dei har greie på. Me må ikkje ta frå dei nattesøvn, stakkars folk!

Så føreslår Utdanningsdirektoratet omtrent samtidig å fjerne eigen karakter i sidemål i ungdomsskulen. Dei legg fram tre ulike alternativ for vurdering (standpunkt- og eksamenkarakter) i norskfaget, der alle tek bort eigen karakter i sidemål i ungdomsskulen. Me veit òg at Arbeidarpartiet drøftar å gå inn for ein karakter i norsk.

No er det grader av forverring

her. Alle framlegg frå Utdanningsdirektoratet held på obligatorisk skriftleg opplæring i nynorsk. Det er langt frå det standpunktet til å gjera skriftleg sidemål valfritt, som høgresida går inn for. Og det kan godt tenkjast at tida er mogen for å sjå på endringar i eksamensordninga. Eitt av framlegga frå direktoratet er å ha skriftleg eksamen i sidemål etter andre året i vidaregåande utdanning. Slike framlegg må me vera villige til å drøfta. Men det som står fast, er at om me vil styrkja nynorsken i Noreg, må elevane prøvast i skriftleg nynorsk og få karakter i nynorsk. No er det opp til utdanningsminister Halvorsen å syna at ho meiner noko med den kjærleiken til nynorsken ho har uttrykt, mellom anna på landsmøtet i mållaget i vår.

Så kom det jammen ei glad-melding

her om dagen. AUF har snudd i synet på sidemålet, på landsmøtet i oktober. Dei vil ha karakterar i sidemål. AUF viser mellom anna til korleis karakterar styrer undervisninga, og at dersom karakteren i sidemål fell bort, vil det svært sannsynleg føre til mindre og dårlegare sidemålssundervisning. Dei er også tydelege på at dei ynskjer meir tid til grunnleggjande lese- og skriveferdigheiter i begge målformer, og tidlegare start med sidemål.

Betre kunne eg ikkje ha skrive det sjølv!

Sunnhordland
MEDIETHEUSET

sunnhordland.no/jobb



Ledige stillingar i ditt nærrområde

- Søk i ledige stillingar på sunnhordland.no
- Enkelt og oversiktleg
- Ny kommunevis søkefunksjon
- Klikk deg inn på **Ledig stilling** i toppmenyen

sunnhordland.no

17.500*
unikke brukarar
169.000*
sidevisingar

* I snitt pr. vke

– Nynorsken har modernisert Noreg



SISTE TALE: Ottar Grepstad har halde sin siste tale om tilstanden for nynorsk skriftkultur. (Foto: Lars O. Flydal)

Nynorsk har gjort Noreg til eit språk- og kultur-politisk moderne land, sa Ottar Grepstad under sin siste årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Den som kan meir enn eitt språk, same kor gjensidig forståelege dei er, får fleire tankar i hovudet. Å møte nynorsk gjev også innvandrane eit breiare bilete av

det å leve i Noreg i det 21. hundreåret, slo Grepstad fast.

I dei 11 tidlegare årstalane har ikkje Grepstad spart på verken statistisk dokumentasjon eller politisk polemikk. Denne gongen snakka han utan brodd mot nokon og framheva i staden den eigenverdien han meiner nynorsk har.

Gjester frå heile landet hadde kome til Ivar Aasen-tunet for å høyre den siste årstalen. Etterpå lanserte Det Norske Samlaget boka *Draumen om målet*, som inneheld alle dei tolv årstalane Grepstad har halde frå 2001 til 2012. Tålane er blitt samanlikna med årstalane til den norske sentralbanksjefen og den amerikanske

presidenten sine årlege talar om rikets tilstand

LANDET MED FLEST OFFISIELLE SPRÅK

Årstalen blei halden på Den europeiske språkdagen, og internasjonale perspektiv prega både analyse og argumentasjon.

– Kvart femte språk som er dokumentert i dag, var lite kjent før Noreg blei ein oljenasjon, sa Grepstad, som meinte at ein tredel av alle språk i verda er skriftlause. Jamført med andre språk i verda er både bokmål og nynorsk robuste språk med ei trygg framtid, sa Grepstad.

Han framheva at mange makthavarar tenker annleis om språk i dag enn for 30, 60 og 90 år sidan. Med ei rekkje døme viste han kor mykje språkpolitikken har endra seg i land etter land verda rundt. Grepstad viste mellom anna til Bolivia. Dette landet med 10 millionar innbyggjarar har heile 37 offisielle språk. Nesten 800 000 har nynorskbakgrunn

Til bruk i årstalen hadde sosialøkonomen Asbjørn Torvanger laga ein demografisk analyse av talet på nynorsksbrukarar. Studien viser at 780 000 nolevande nordmenn har, har hatt eller vil få nynorsk som hovudmål i skulen. I 1985 hadde kvar femte nordmann ein slik nynorskbakgrunn, i 2011 godt og vel kvar sjettede.

– Nynorsksbrukarane har vore fleire enn offentleg språkpolitikk har føresett, og dei er blitt færre enn den same språkpolitikken har greidd å hindre, sa Ottar Grepstad i den siste årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur.

Vil kontraktfeste måla for skulen

Partiet Høgre ønskjer no at alle rektorar skal ha kontraktfesta resultatmål for skulen sin, melder Klassekampen. Det kjem fram i førsteutkastet til stortingsvalprogrammet for 2013–2017. Dette er ein type kontraktar som allereie er mykje nytta i kommunar og på vidaregåande skolar.

– Vi har slått fast at vi ønskjer å følgje opp rektorane og skulane sine resultat tettare, men akkurat korleis kontraktane skal sjå ut, blir litt opp til kvar enkelt kommune, seier nestleiar Linda Hofstad Helleland i programkomiteen til Klassekampen.

Slår eit slag for lettlestboka

– Eg vil yte min skjerv, seier forfattar og redaktør Ragnfrid Trohaug om kvi-for ho no har byrja å skrive lettlestbøker.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Trohaug har gjeve ut fleire bøker for unge tidlegare, men har i dag sitt hovudvirke som forlagsredaktør i Det Norske Samlaget.

– Eg er ikkje ein person som går rundt og verkjer når eg ikkje får skrive, hjarta bankar sterkt for redaktørrolla, seier ho. Men ein foreldrepermisjon som kunne utvidast med ein skrivepermisjon, vart for freistande.

– Eg elsker litteratur, og eg er djupt oppteken av barna sine rettar, seier ho og minnest leande at ho i barndommen hadde eit sterkt ønske om å bli barneombod når ho vart stor.

FANN EIT MILJØ

I eit slikt perspektiv vart spørsmålet hennar først og fremst: Kva bøker er det viktig at vi gjev ut fleire av? Og: Korleis kunne ho utfordre seg sjølv i forfattarrolla?

Svaret var lettlestbøker på nynorsk. Bøker for den vesle hovudmålslesaren som treng å bli stø i si eiga målform, som ho seier. Ein type bøker det burde finnast fleire av på nynorsk.

Som tenkt, så gjort. Ein rusletur i gamle trakter i Bergen, nærmare sagt Nordnes, inspirerte forfattaren. Her såg ho fine gattetun, ungar som leikte ute, naboskap som utfalda seg, og ho tenkte «Her hadde det vore fint å dikte inn nokre ungar». Dermed blei det ein utvida permisjon, og den vesle familien hennar flytta frå Oslo til Nordnes for ei stund, og der vart altså historia om tvillingparet Ole og Jenny skapt.

ETISK DILEMMA

Ole er ein grei og samvitsfull gut, medan Jenny er meir sprelsk og ulydig. Med dette radarparet får Trohaug spele ut to situasjonar som alltid har fascinert ho: korleis det er å vere tvilling, og korleis det er å lengte etter eit eige dyr.



IKKJE LETT: Å skrive lettlestbok er viktig, men neimen ikkje lett, seier forfattar og forlagsredaktør Ragnfrid Trohaug. – Det er ei ovning å vere kreativ og skape ei fullt utvikla historie med færre ord og kortare setningar. (Foto: Samlaget.no)

Sjølv har forfattaren aldri fått ha dyr på grunn av allergi. I boka *Vi vil ha hund!* prøver søskenparet å skaffe seg eit dyr, og

dei endar opp med den noko uheiderlege løysinga å tjuvlåne ein hund som viser seg å vere ein prisløna rasehund

Korleis det går, skal vi ikkje røpe her; men inspirasjonskjelda til løysinga på dette etiske dilemmaet røper Trohaug sjølv.

HAR FLEIRE HISTORIER

– Eg er ein stor fan av Rasmus Løland og er spesielt glad i historia *Hunden og katten*, seier ho og utdjuar: I *Hunden og katten* let Løland syndebukken i historia få erkjenne kva han har gjort gale, skrifte og gjere opp for syndene sine utan at dei vaksne er involverte og styrer. Psykologisk er dette veldig fint gjort, meiner ho.

– Det er viktig for meg at også Ole og Jenny får ta ansvar for det dei gjer. Ansvar går som ein raud tråd gjennom det eg skriv.

No er boka *Vi vil ha hund!* ein del av Cappelen Damm sin leseleseserie, og Trohaug ser ikkje vekk frå at det kjem fleire. Ho har laga skisser til fleire historier om tvillingane, så viss det er tid og rom innafar redaktørjobben, kjem vi garantert til å få høyre meir om Ole og Jenny også i framtida.

I innspurten med Kvitebjørnen

Det pedagogiske prosjektet Kvitebjørnen er i innspurten av den femårige prosjektfasen.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

No håpar ein at skulane skal sjå på prosjektet som ein ressursbase med fagleg innhald på nynorsk.

Utfordringa til Kvitebjørnen – undring og læring er å leve vidare etter pilotprosjektfasen og få fleire til å sjå på Kvitebjørnen.no som ein ressursbase for fagleg innhald på nynorsk.

– Me må få formidla til rektorar, lærarar, fagpersonell ved lærarutdanningsinstitusjonar og lærarstudentar at dette er eit opplegg som ligg klart til å bli nytta, seier prosjektleiar Astrid Eidhammer Hjelmeland.

Hjelmeland meiner opplegget vil passe perfekt som materiell til dei nye valfaga som grunnskulen tilbyr elevar frå og med 8. klasse.

– Me ser eit potensiale til å nå ut til lærarar som treng gode løysingar og opplegg for undervisninga i desse faga, slår Hjelmeland fast.

MYKJE Å HENTE

Det er lærar Egil Dolmen ved Sunnylven skule heilt samd i. Sunnylven i Stranda



MOTIVERTE: Terje Torkildsen, forfatter og humorist, leia den siste motivasjonsamlinga for lærarane i Kvitebjørnen-prosjektet. (Foto: Kvitebjørnen.no)

kommune er ein av 10 skular som deltek i Kvitebjørnen-prosjektet.

– Her er det mykje å hente for lærarar på andre trinn også, det har absolutt

potensial til å bli ein god ressursbase på nynorsk, seier han.

I haust rundar ein av prosjektet med eit pedagogisk opplegg for 10. trinn. Dette opplegget er utvikla av Trude Hoel, Sidsel Ødegård og Anne Grethe Aven. Temaet for opplegget er «Å forska på eige liv og lesing sett i samband med kompetansemål etter 10. trinn».

I forprosjektet til Rasmus Løland-markeringa 2007–2011 vart det gjort framlegg om å lage eit pedagogisk opplegg som kan få elevane til å reflektere over eige nærmiljø, kultur og lokalt næringsgrunnlag med tanke på eige engasjement og involvering.

LITTERÆR REFLEKSJON

Kvitebjørnen er ikkje primært eit leseprosjekt eller ei leselesing, men eit opplegg der ein nyttar Løland sine tekstar til å

skape refleksjon og haldningar. I løpet av desse åra har elevane i tillegg til å bli kjende med forfattaren Rasmus Løland jobba med ulike metodar for å bli betre kjende med seg sjølve, sitt eige språk og sitt eige lokalmiljø. Dei har laga skodespel, jobba med forteljeteknikkar, laga utstilling med utgangspunkt i innovativ tenking, filosofert og laga kollasjar, teikneseriar og filmar om før og nå. LNK var ein av stiftarane bak Rasmus Løland-stiftinga. Det pedagogiske opplegget vil bli overlevert til Ryfylkemuseet (Lølandsenteret) etter at prosjektet er gjennomført.

Rosenkrantz gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com
www.bondeheimen.no

startsida /
www.startsida.no

Klikk deg til meir nynorsk!
Kvart klikk gjev inntekter til meir nynorsk på nett!

Sjå kva du kan gjera for å få meir nynorsk på nett:
www.framtida.no/tags/framtida

Ordfører:
Anne-Britt
Øen Nygård
(Sp)



Representantane i kommunestyret fordeler seg slik: Senterpartiet: 7, Høgre: 5, Venstre: 3, Arbeidarpartiet: 2

Hornindal kommune ligg i Sogn og Fjordane og grensar til Møre og Romsdal med kommunane Stranda, Ørsta og Volda som naboar i nord og aust. Etter at Kvivsvegen kom på plass, tek det ein halv time å køyre ferjefritt til Volda. I Sogn og Fjordane grensar kommunen til Eid i vest og til Stryn i sør.

Kommunen har eit areal på 190 km² og eit folketal på 1223 og er med det ein av dei minste kommunane i fylket. I vest ligg Hornindalsvatnet, den største innsjøen på Vestlandet og den djupaste i Europa.

Kommunesenteret er Grodås. Folkesetnaden i kommunen finn ein i hovuddalføret og langs vatnet, særleg langs Kjesapollen, ein sidearm av Hornindalsvatnet.

Kommunevåpenet viser tre ljåar, sidan kommunen har lang tradisjon for ljå- og navarproduksjon. Det er òg grunnen til at kommunehuset har fått namnet Smia.

Kjelde: Hornindal kommune og Wikipedia



Illustrasjon: Gerhard Stoltz

startsida

Klikk deg
til meir
nynorsk!

www.startsida.no



NATURLEG: – For meg er det heilt naturleg å skrive nynorsk. Det er nynorsken som ligg talemålet mitt nærast, seier ordfører Anne-Britt Øen Nygård (Sp). (Foto: Hornindal kommune)

– Har bruk for to skriftspråk

Ordfører i Hornindal kommune, Anne-Britt Øen Nygård (Sp), meiner nynorsken står sterkt i kommunen.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith @norsk-plan.no

Nygård skildrar kommunen som ein stad med mange gardsbruk og små bustadfelt som ligg mellom urørt natur og bratte fjell. Ho fortel om eit næringsliv der treforedling, turisme og andre kulturbaserte næringar skil seg ut. I tillegg er Hornindalsvatnet godt kjent som Europa sin djupaste innsjø, med 514 meter.

– Og skulpturkunstnaren Anders Svor har eige museum her, seier ordføreren stolt

Trass i eit stabilt folketal på 1223 innbyggjarar har også Hornindal sine utfordringar.

– Me må klare å auke folketalet ute i distriktskommunen vår. Kommunen må kunne leggje til rette for god kvalitet i tenestene, både innan barnehage, skule og helse og omsorg. Det å få fart på næringslivet og bustadbygging er også viktige mål, slår Anne-Britt Øen Nygård fast.

VIKTIG MED NYNORSK

– Kva er forholdet ditt til språk?

– For meg er det heilt naturleg å skrive nynorsk. Det er nynorsken som ligg talemålet mitt nærast. Eg er ikkje i tvil om at me framleis har bruk for to skriftspråk i Noreg.

Ordføreren meiner nynorsken har ein god posisjon i Hornindal kommune, kanskje aller mest sidan det er morsmålet. – Det er viktig å arbeide for at me skal ha nynorsken med oss i framtida på lik linje med bokmål.

Å vere ordfører i Hornindal kommune er ikkje ein enkel jobb. Nygård arbeider 80 prosent som ordfører og ein dag i veka på skattekontoret i kommunen.

– Å vere ordfører er ein spanande og innhaldsrikk jobb. Eg har hatt mange fine opplevingar i lag med innbyggjarane og andre nettverk i og utanfor kommunen.

ØKONOMISKE UTFORDRINGAR

Kommuneøkonomien i Hornindal har i følgje ordføreren vore sunn og stabil fram til no. I 2012 har kommunen gjennomført mange kostbare investeringar, noko som kan gje utfordringar.

Største investeringa var fleirbrukshalen på 53 millionar kroner. I tillegg har me auka rammetimetalet i skulen og tilsett fleire i helse- og omsorgsektoren, seier ordføreren.

Kommunen har også erfart at innføringa av samhandlingsreforma i helsesektoren vert kostbar.

Staten må overføre meir midlar ned til kommunalt nivå for at desse oppgåvene skal bli enklare å takle. Den økonomiske situasjonen vart ikkje betre då statsbudsjettet 2013 vart lagt fram. Der taper små kommunar som ikkje klarer å ha same gjennomsnittlege folketilvekst som resten av landet har, seier Nygård.

OPNAR EI NY DØR

– Kva er det største som har skjedd kommunen det siste året?

Opning av E-39, Kvivsvegen, var ein stor dag for Hornindal. Ei heilt ny hovudåre mellom Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal opna seg ved bygginga av ein ny tunnel gjennom fjellet, seier ordføreren.

For kommunen Hornindal vil denne nye vegen bety mykje, ikkje minst blir det opna ein heilt ny bu- og arbeidsmarknad med omlag 70 000 innbyggjarar. Ordføreren er sær glad for at innbyggjarane kan nå ein mykje breiare jobbmarknad enn før. Ho ser òg gjerne at fleire vel å busetje seg i Hornindal.

– Eg ynskjer at folk skal oppdage kor flott kommunen me bur i, er, og kome for å busetje seg her. Naturen vår gjev sær gode høve til eit aktivt friluftsliv sommar som vinter i skog, mark, fjell og på vatn. Det er også eit mål at næringslivet i bygda skal bli både større og breiare enn i dag.

Vegen opnar nye dører

– Kvivsvegen gjer kommunen meir attraktiv, seier fabrikkssjef ved Ekornes Grodås AS, Knut Ove Rygg.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith @norsk-plan.no

Ekornes sin fabrikk på Grodås i Hornindal er høg spesialisert på innvendige og synlege trekomponentar til sofaer, dei lagar òg deler til Stressless. Bedrifta har 91 tilsette. Sjølv om ikkje rekruttering av arbeidskraft har vore ei utfordring til no ser likevel fabrikkssjef Knut Ove Rygg at mange dører opna seg då Kvivsvegen var på plass.

Me får ein mykje større region der ein kan hente inn arbeidskraft, og kortare avstandar gjer kommunen meir attraktiv, meiner han.

Bedrifta hentar òg ein økonomisk gevinst av samferdsleprosjektet.

– Reisetida for varetransporten mellom fabrikkane blir korta ned med ein time kvar veg, det er klart det betyr noko økonomisk for oss.

Rygg meiner vegen er positiv for lokalsamfunnet der mange bedrifter driv marginalt. Ikkje minst blir det i følgje Ekornes-sjefen viktig å få kortare avstand til flyplass, sjukehus og høgskulemiljø.

AUKAR PENDLINGA

Kvivsvegen vil gi auka trafikk gjennom kommunen. Dette er viktig for Hornindal i framtida, seier næringssjef i Hornindal kommune, Jan Endre Nesdal.

Kvivsvegen vart opna i september i år, den knyter saman bu- og arbeidsmarknaden regionen Søre-Sunnmøre og Indre Nordfjord og opnar for ferjefri E39 mellom Lote og Festøy. Vegen skal etter planen gi eit raskare samband mellom Søre-Sunnmøre og Austlandet via riksveg 15 over Strynefjellet.

Kommunen har allereie ein del pendling til Ørsta og Volda, den vil nok auke no, trur Nesdal. Han meiner òg det er viktig at kommunen kjem tettare på eit høgskulemiljø.

– Då kan ungdommane våre bu heime lenger, det betyr mykje for framtidig etablering.

Tidlegare var Hornindal ein plass ein berre må gjennom for å kome til Stranda, no blir det ein viktig veg mellom vest og aust.



STOR ARBEIDSPASS: Ekornes Grodås er ein stor arbeidsplass i Hornindal med 91 tilsette. (Foto: Ekornes Grodås)



NØGD: Fabrikkssjef ved Ekornes Grodås, Knut Ove Rygg er godt nøgd med å få Kvivsvegen på plass. (Foto: Ekornes Grodås)

Jan Endre Nesdal meiner at det no er viktig å sjå på effekten ein kan få ut lokalt av ei ny samferdsleåre.

TOMTEPROSJEKT

No må ein få folk til å stoppe, dei som passerer må stoppe for å ete middag, og dei som et middag her må stoppe igjen for å oppleve noko meir. Me er i gang med både nytt hyttefelt og nytt skianlegg, og håpar vegen gir fleire gjester.

Kommunen har og eit prosjekt for å få fleire til å kjøpe bustadtomter. I år sel dei nemleg 16 tomter til 2012 kroner, 13 av dei er allereie selde.

– Det har vore ein suksess, no blir det viktig å følgje opp dei har kjøpt. Tilgang

på bustadar må ein ha for å få ei større samfunnsutvikling.

Han dreg i tillegg til Ekornes Grodås fram bedrifter som Total Service Kiven, som driv med solskjerming og varme-pumper og Grodås Mønstertechnologi som andre solide bedrifter i kommunen. Attraktivitetsbarometeret som Telemarksforskning gir ut viser at Hornindal er den kommunen i Kvivs-regionen som best klarer å halde på innbyggjarane sine.

– Det er viktigare at dei som bur her trivest og blir her enn at me heile tida skal arbeide for å auke folketalet, det er no berre eit tal, meiner Nesdal.

Me presenterer også medlemskommunane våre på Lnk.no. Her er nokre av dei:

Ørsta:

Vartdal Plast profilerer seg no konsekvent på nynorsk. – Det skil seg ut blant anna reklame, seier administrasjonssjef Karen Longva Buset.



Vindafjord:

I Vindafjord kommune håpar dei at eit samla kulturbygg vil gje innbyggjarane betre kulturtenester.

Odda:

I år er det ti år sidan starten på Litteratursymposiet i Odda. Det vart markert med eit fengslende tema.



Vik: No må tunnelen gjennom Vikafjellet på plass, meiner både politikarar og næringslivet i kommunen.

Gloppen: Gloppen kommune gjer det godt på kultur. – Me har eit variert tilbod, seier kultursjef Jan Kjetil Øygard.



Internasjonale skulpturar



VISER FRAM: Anders Svor Museum viser mange av skulpturane til Anders Svor.
(Foto: Hornindal kommune)

Bilethoggar Anders Svor sette spor etter seg. I Hornindal kan du sjå 450 av skulpturane hans på museum.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Anders Svor vart fødd i Hornindal 14. desember 1864. Han hadde kunstnarblod i årene og fekk som 17-åring plass som treskjerar ved Brødrene Hals pianofabrikk i Oslo. Han var blant anna student ved Den kongelige Tegneskole og København Kunstakademi. Det var også under opphaldet i København at han fekk det kunstnarlege gjennombrøtet som bilethoggar. Han vart etter kvart prisa på internasjonale kunstutstillingar både i Berlin, Kristiania, København, Paris og Chicago. I 1891 vann han konkurransen om Tordenskiold-monumentet i Kristiania.

Anders Svor budde store deler av livet sitt i Kristiania, der han døyde av hjernebløding, 64 år gamal.

FLYTTE SAMLINGA

Anders Svor levde i ei tid med få bilethoggarar og der Gustav Vigeland var den store stjerna.

Likevel fann fleire av Anders Svor sine mest kjende verk plass i det offentlege rommet. I Oslo står fonteneskulpturen *Bylgja* i Skillebekkparken, *Etter badet* ved Bislett bad, *Ein symjar* i Kampen park, og det er Anders Svor si løve som vaktar kongeingangen til Nasjonalteateret. Elles er

Anders Svor representert i Porsgrunn med *Forliste sjømenn*, i Moss med *Diskoskastaren* og ikkje minst i Tønsberg med den store statuen av Sven Foyn. Gustav Vigeland skal ha karakterisert dette verket som mellom dei beste portrettsstatuane i landet.

Anders Svor etterlet seg om lag 450 skulpturar i atelieret i Oslo. Av desse var dei fleste i gips eller leire og berre nokre få i bronse. Arvingane vart samde om at samlinga skulle heim til Nordfjord. I fyrste omgang vart arbeida lagra tett samansteva i den gamle ljustestova på Svor. I 1941 overdrog arvingane samlinga til Hornindal kommune på vilkår av at det vart reist eit eldfast museumsbygg.

DEN KULTURELLE SKULESEKKEN

Grunna krigen og tronge økonomiske tidder starta ikkje bygginga før i 1951. Anders Svor Museum opna 12. juli 1953.

Sidan 2004 har Sogn og Fjordane Kunstmuseum hatt det faglege og driftsmessige ansvaret for museet. Sogn og Fjordane Kunstmuseum freistar å utvikle kunnskapen om Anders Svor og samlinga og har gjennom aktiv formidlingsverksemd søkt å auke kunnskapen om Anders Svor sin kunst også utanfor Hornindal, mellom anna i samarbeid med Den kulturelle skulesekken.

Ved opninga av museet i 1953 utgjorde samlinga om lag 450 arbeid, inklusive skisser og utkast. Sidan då har tilveksten til samlinga vore på meir enn 50 arbeid. Mellom desse er fleire av Anders Svor sine større og meir sentrale skulpturar.

Kjelde: Anders Svor Museum

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA HANDBOK FOR LÆRAREN!



BARNEBOK: Inger N. Bråttveit debuterer som barnebokforfattar.
(Foto: Astrid Eidhammer Hjelmeland)

Bråttveit med barnebok

No kjem Inger Bråttveit med si fyrste barnebok.

JUDITH SØRHHUS LITLHAMAR
judith@norsk-plan.no

Bråttveit gjev no ut barneboka *Kven er snillast av far og mor?* på Flamme forlag, noko som blir forlaget si fyrste barnebok. Her møter me Knut, som er på sjukehuset, men som aller mest tenkjer på far og mor: Kven er eigentleg snillast av far og mor?

– Eg har alltid hatt ein draum om å skriva ei barnebok, men har hatt noko som kanskje har likna på ei frykt for sjangeren, i alle fall ei ærefrykt. Etter kvart har frykta måtta vike for bodskapen som eg ikkje lenger kunne og ville brenne inne med, seier Bråttveit, som tidlegare har gjeve ut to romanar og ei diktsamling for vaksne. Ho har tidlegare fått Nynorsk litteraturpris og Kritiskarprisen. Historia om Knut triggar lesaren til å stille same spørsmålet: Kven er snillast av far og mor? Spørsmålet er både umogleg og utidig, men når me fyrst har stilt oss dette spørsmålet høgt eller inni oss, opnar spørsmålet opp for eit ras av andre spørsmål. Og kanskje eit ras av erkjenningar også, undrar Inger Bråttveit.

LITTERÆRT, SKRANGLETE UNIVERS

Boka er skriven for born frå fem år og oppover, men forfattaren meiner ho også passar for vaksne som

ennå minnest korleis det er å vere barn, eller som har barn rundt seg.

– *Korleis er det å skriva for born kontra for vaksne?*
– Eg kjenner at eg må vere meir direkte og konkret når eg skriv for barn. At historia må vere tydeleg, men med ein bodskap som både er tydeleg og tvitydig. Eg har brukt mykje tid på å byggje opp eit litterært, skranglete univers, der kriteria for logikk, fornuft og form bryt med mange av kriteria som elles finst i den litterære verda, seier Bråttveit, som legg til at det likevel kanskje ikkje er så veldig annleis å skriva for barn enn å skriva for vaksne.

KRITISKE LESARAR

– Det viktigaste er uansett å ta lesaren og det litterære universet, anten ho er barn eller vaksen, på alvor, slår ho fast.

– *Korleis er borna som lesarar, trur du?*
– Kritiske, og dei vil ha konkrete svar på spørsmålet som boka stiller: Kven ER snillast av mor og far, då? Då kan det vere godt å ha mor og far i nærleiken, som kanskje kan snakke saman med barnet og opne opp for ein vidare horisont. Men då må den eine klappe att DS-en og den andre setje PC-en i kvilemodus.

Inger Bråttveit legg ikkje skjul på at ho også arbeider med andre prosjekt.

– Det gjer eg, og eg har stor tru på eit litterært vekselbruk innanfor ulike sjangrar.

Dag og Tid 50 år

Den nynorske vekeavisa Dag og Tid feirar 50-årsdag i desse dagar. Avisa såg dagsljøs i 1962, og dei var ikkje dei første til å prøve seg som nynorsk riksavis. Andre aviser som Fedraheimen og Nynorsk vekeblad hadde prøvd seg, men lagt inn årene tidlegare.

– Det var ikkje sjølvsgt i 1962 at ei nynorsk riksavis skulle klare seg, seier ansvarleg redaktør Svein Gjerdåker på dagogtid.no.

Dag og Tid er ei vekeavis for kulturpolitikk som kjem ut i eit opplag på 8 729 (2011). Redaksjonen har sete i Oslo.



Terje Lyngstad
Teatersjef Sogn og Fjordane Teater

TEATER

Godt norsk språkår

Vi nordmenn elsker å feire. Når vi er små, går vi i bursdagar og driv med russefeiring. Som vaksne drikk vi oss fulle og giftar oss og feirar jul og nyttår minst ein gong i året. Sidan Kvinneåret ein gong på nyttitalet har styresmaktene fått for vane å laga markeringar for alt frå kulturelt mangfald og Bjørnstjerne Ibsen, til miljøet og Fridtjov Amundsen. Neste år er det språket sin tur.

Grunnen til Språkåret i 2013 er at Ivar Aasen ville ha vore 200 år om han hadde levd neste år, noko han sjølvsgt ikkje ville gjort, sidan forventa levealder for menn berre er 75 år. Vi må likevel kunne seie at Aasen gjorde det ganske bra, sidan han vart heile 83 år, og endå betre blir prestasjonen når vi veit at menn på Aasen si tid berre kunne rekne med å bli 52 år før dei segna om. Det er faktisk berre folk i Bibelen som blir så gamle som 200 år, og gjerne eldre, som t.d. Metusalem, som vart 969 år. Men dei lever ikkje lenger, heltane frå Bibelen, med unntak av Jesus, då, som fleire hevdar lever, til liks med Elvis.

For dei som ikkje veit det, laga Ivar Aasen nynorsken då han traska rundt om på Vestlandet for rundt rekna 150 år sidan, medan han raska saman ord og uttrykk frå folk han møtte langs vegen og putta dei inn i ein grammatikk som høyrde vikingane til, sånn omtrent.

Men om du guglar Språkåret, kan du lese at målet med markeringa er ei raus, inkluderande og samlande feiring av alt språk i Noreg, og ikkje berre nynorsken. Det er temmeleg frekt, spør du meg. Det blir som å invitere alle ungane i klassen til bursdag og gi alle hundre kroner i gåve medan alle syng «happy birthday to Alle». Kjøp bursdagsfeiring, med andre ord.

Eg vil difor i god tid før neste år er gått av stabelen, på vegner av alle likeløna skeptikarar, oppmode om at det blir sett særleg fokus på språk og integrering, slik at alle innvandrarar, og andre med lese- og skrivevanskar, kan lære seg norsk i løpet av 2013, eller eventuelt eit anna språk vi forstår, som til dømes engelsk og svensk.

Det er kanskje ikkje rett å skjære alle over ein kost, men vi må stikke handa i jorda og innrømme at betre språkkunnskap må til før utlendingane får integritet i det norske samfunnet på stram line med nordmenn. Om dei ikkje vil lære seg norsk, eventuelt engelsk eller svensk, bør dei skyte ei kvit kule etter det å få arbeid og trygd.

Vi må henge bjella på sauen og be dei nye landsmennene våre ta ansvar. Dei må forstå at gode språkkunnskapar gir gode jobbar innanfor reinhald og transport, slik at dei kan kome seg ut av ein situasjon der dei ikkje eig nåla i tapetet. Ein skal tidleg krøkjast som god søkjar skal bli, så her er det berre å henge i. Vi nordmenn må på vår side vise vilje til å ta imot dei framandspråklege med opne hender og eit ope sinne.

Til tjuande og sist sit vi i same bil og bør difor legge tilhøva godt til rette. Vi må ikkje skode hunden på læra og sjå på alle med mørkt hår og sota ansikt som ulvar i saueskinnsjakker, men heller fortelje dei at det er von i hengande tau, og at ein glad laks i panna er betre enn ti i havet. Som førebilete må vi vise veg ved å bruke eit godt språk med stutte setningar frie for vanskelege ordtak og framandord.

Det vil lette kvardagen for immigrantane om vi unngår kontaminasjon, kompliserte idiom og anglofikserte ord, og at vi i all kommunikasjon legg vinn på ein grammatikk med enkel syntaks fri for heavy setningar med lange uforståelege innskot, der vilkårssetninga kjem først og verbalet og subjektet til slutt. Slik kan vi få språkproblema ut av sekken og katta i boks.

Vil ha sprekare framsider på nynorskbøker

Det er eit problem at nynorsklitteraturen ikkje er av betre kvalitet, seier biblioteksjef Bente Dammen i Osterøy.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith @norsk-plan.no

Dammen har vore prosjektleiar for prosjektet Nye tider – Nynorsk, som var eit samarbeidsprosjekt mellom biblioteka i Nordhordland og LNK. Målet med prosjektet var å fremje lesing av nynorsk litteratur i nordhordlandskommunane.

– Alle kommunane i prosjektet er nynorsk kommunar og ligg i omlandet til Bergen, der bokmål dominerer og spreier seg raskt. Difor vart dette prosjektet så viktig, seier Dammen.

No er prosjektet avslutta, og sluttrapporten er klar. Trass i fleire positive resultat av prosjektet erfarer ho nok ein gong at nynorsklitteraturen ikkje held den standarden ho skulle ønskje.



HØGARE UTLÅN: – Me ser at prosjektet har gitt oss eit høgare utlån av nynorske bøker enn me elles hadde hatt, seier biblioteksjef i Osterøy, Bente Dammen.

SPREKARE FRAMSIDER

– Ikkje minst har dei nynorske barnebøkene for kjedelege framsider, som ikkje fengar borna. Framsidene er jo dei som

marknadsfører bøkene, og her burde forlaga, og spesielt Samlaget, bli mykje sprekare. For formidlaren er det også viktig at framsida på boka ikkje skaper avstand til lesaren, men derimot fungerer som ein

døropnar. Det finst hyggelege unntak, men det er få av dei, slår ho fast. Dammen meiner dessutan at stadig fleire bøker burde bli omsette til nynorsk.

– Ta SVK av Roald Dahl til dømes, ho skrik jo nesten etter å bli omsett til nynorsk. Tenk om Ragnar Hovland kunne ha gjort det.

Forlagsdirektør for barne- og ungdomslitteratur i Samlaget, Ragnfrid Trohaug, meiner på si side at det har vore ei positiv utvikling.

– Dei siste åra har me testa framsidene på barnebøkene på målgruppa, til dømes er bøkene om Mopp og Mikko testa på born i barnehagar. Den haldninga om at framsidene på barnebøkene ikkje fengar borna, trur eg heng saman med kva mange hugsar frå før, seier ho, men medgjev at det ikkje alltid har vore like bra.

GJEV HØGARE UTLÅN

– Me ser jo framleis at til dømes Kometserien, som er ein serie med lettlest-bøker for born, heng att i den gamle tradisjonen. Innpakninga til bøkene er kjempeviktig, og som sagt er me mykje meir opptekne av

korleis ho ser ut, no enn før, slår Trohaug fast.

Dammen legg elles vekt på dei positive ringverknadane prosjektet har gjeve.

– Me ser at prosjektet har gjeve oss eit høgare utlån av nynorske bøker enn me elles hadde hatt. Det er tydeleg at me får resultat dersom me arbeider konsentrert med noko. Me har hatt mange ulike nynorskaktivitetar i biblioteka desse åra, seier Dammen og nemner produkt som kortspelet Kamp, ein eigen spå om nynorsk lyrikk og eit litteraturseminar for dei tilsette i biblioteka, der all nynorsk litteratur som var komen inn til biblioteka gjennom året, vart presentert.

LYRISKE IDEAR

Kortspelet Kamp har vist seg å vere ein stor suksess rundt om på skulane.

– Me har ein person no som reiser rundt med spelet her i Osterøy og presenterer det i klassane, det får me mange positive tilbakemeldingar på frå elevane.

Ho har framleis lyst til å arbeide med nynorsk litteratur i prosjektform.

– Då måtte det blitt noko med nynorsk lyrikk. Eg las enormt mykje lyrikk då eg laga den nynorske spåen, og du verda så mykje bra det er der ute. Tenk å samle alt dette på ein nettstad der ein kunne kategorisert lyrikken etter kva som passar til ulike store livshendingar, til dømes. Me får jo mange spørsmål i biblioteka om kva som passar til bryllup, dáp og så vidare.

Prosjektet Nye tider – Nynorsk, der åtte kommunar i Nordhordland har delteke, starta i 2008 og vart avslutta i 2011. Prosjektet er også støtta av Fritt Ord.

startside /

Klikk deg
til meir
nynorsk!

www.startside.no

**LNK
KORTET
2011 - 2013**

HOTELL **BONDEHEIMEN** Best Western

Bonde **VENNEN**

HOTELL **BONDEHEIMEN**

det norske teatret

Sjå meir på LNK.no
om tilboda kortet gir

SITATET:

– Eg har aldri vore freista til å skriva på bokmål. Det høyrest kanskje litt fundamentalistisk ut, men jo meir ein blir hindra jo meir innbiten til å skriva på nynorsk blir ein. To gonger tidlegare har eg fått tilbod om å skriva for større aviser, og fått tilbodet trekt då eg bad om å få skriva på nynorsk.

Forfattar Olaug Nilssen til Sogn Avis.

NBU-prisen til Falturiltu



KJEM: Odd Nordstoga (Foto:oddnordstoga.no), festivalforfattar Ragnar Hovland (Foto: Bjarte Bjørkum), Maria Parr (Foto: Siri Juell Rasmussen) og Lars Mæble (Foto: Tove Breistein) er blant dei som kjem til Falturiltufestivalen i år..

Falturiltu er tildelt NBU-prisen 2012 for sitt arbeid med formidling av barne- og ungdomslitteratur.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith @norsk-plan.no

Litteraturfestivalen Falturiltu opnar 4. november med Odd Nordstoga, Ragnar Hovland og Maria Parr på programmet. No blir dei heidra med pris frå foreininga Norske Barne- og Ungdomsbokforfattarar.

Litteratur for barn og ungdom står i 2012 sterkare enn nokosinne. Det kjem ut mange og gode bøker for dei viktigaste lesarane, dei yngste. Norsk litteratur får merksemd ute i verda, norske bøker blir omsette til andre språk, og norske forfattarar blir inviterte ut i verda for å fortelje om bøkene sine, skriv juryen i grunngjevinga for prisen.

KRAFTSENTRUM

I sommar fekk også festivalen 100 000 kroner frå Sparebanken Vest, noko festivalleiar Roald Kaldestad kalla ei fjør i hatten.

Likevel meiner me aldri at litteraturen vår kan få nok – eller for mykje – merksemd. Me er difor glade for at det finst eldsjeler som vil legge ned mykje og viktig arbeid i å formidle bøkene til eit breitt publikum. I Noreg finst det i dag ei rekke festivalar som vil ta vare på litteraturen og forfattarskapa, seier juryen bak NBU-prisen og viser til at

Sunnhordland har markert seg som eit kraftsentrum i norsk barne- og ungdomslitteratur.

EINASTE I VERDA

– Felles for mange av desse forfattarane er at dei skriv på nynorsk og har medverka til at nynorske barne- og ungdomsbøker har ein så sterk posisjon som dei har i dag, med alt frå biletbøker for dei minste til dikt, spenning og grøssarar. Kva er meir naturleg enn at ein i eit slikt kraftsentrum også arrangerer ein eigen festival for denne litteraturen, ein festival som er den einaste nynorske festivalen for barne- og ungdomsbøker i heile verda, slår juryen fast.

FALTURILTU

Verdas einaste nynorske barnebokfestival vert arrangert i veke 45 kvart år.

Her er det opne førestillingar for born og vaksne, forfattarbesøk i skulen, barnelitteraturseminar, skrivekurs, konsertar, førestillingar og utstillingar. Festivalforfattar i 2012 er Ragnar Hovland.

falturiltu.no

aktuelt: 3 STA ved Firda VGS og lærar Ingrid B. Håheim



(Foto: Firda VGS)

Namn: 3STA ved Firda vidaregåande skule og lærar Ingrid B. Håheim

Aktuelle: Har starta Facebook-sida «I kampen for nynorsk», som skal skape debatt om språk og nynorsk.

Bur: Sandane i Sogn og Fjordane



Mona Vetrhus (f. 1975) er frå Uskedalen i Sunnhordland. Ho har studert Litteraturvitskap i Bergen, gått på Forfattarstudiet i Bø og Nynorsk mediesenter i Førde. Diktboka *Nokre gutar kjem ikkje heim i kveld* er debutboka hennar.
Foto: Morten Brun

debutanten

vi har aldri kyssa
i ein tom, nedlagt silo
full av leikne kattungar
trommeregn på taket

Oktober 2012

I kampen for nynorsk

Elevar på Firda vidaregåande skule går i kampen for nynorsk – på Facebook. Lærar Ingrid B. Håheim meiner dette kan styrke språkvalet til ungdommane.

JUDITH SØRHHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Kva prosjekt er dette?

– Facebook-sida vår er ikkje eigentleg eit prosjekt, men meir eit stunt. Me kastar eit snøre ut i eteren og ser kva som nappar. Årsaka til at eg som lærar kom på dette, var eit samarbeidsprosjekt mellom dei vidaregåande skulane i Valdres og Firda. Medan ungdommane i Firda held bra på nynorsken, har dei lettare for å gå over til bokmål i Valdres. Difor har norsklærarane samla seg for å sjå på kva ein kan gjere.

– Kvifor Facebook-side?

– Sidan eg føler klassen min er godt festa i valet sitt om å bruke nynorsk, fekk eg lyst til å skape debatt om nynorsk. Kanskje det å møte motstand på nettet kunne få elevane til å debattere og reflektere meir over sitt eige språk? Me vil gjerne vise andre at nynorsk kan brukast i anna enn dikt. «Nynorsk er så vakkert i dikt» er ei utsegn som eg er utruleg lei av. Me vil trekkje nynorsken ut av nasjonalromantikken og bunadsskogen og vise det som eit moderne og bruksvennleg språk ein kan bruke til alt.

– Korleis er responsen på sida?

– Det er i dag 159 som likar sida vår. Eg veit ingenting om Facebook og synest det kan vere ein kaotisk stad, difor lærer eg noko nytt heile tida. Me sjekkar sida i norsktimane, ser om det er kome interessante innspel, og prøver å finne på noko nytt å ta opp.

– Kven er lesarane på sida?

Me har sett at namnet vårt kanskje hindrar oss i å nå dei som ikkje likar

nynorsk, så me har diskutert om me skal skifte namn. Me har i tillegg lagt ut ei kartlegging som me håpar fleire svarer på. Kartlegginga viser så langt at det er «truande» nynorskbrukarar som les oss. Likevel er det interessant å sjå kor mange ulike folk som markerer at dei likar oss.

– Kva ynskjer de å oppnå?

– Eg håpar dette kan vere ein aktivitet som kan vere med på å styrke unge nynorskbrukarar i deira val om halde fram med å skrive nynorsk. Politkarane gjer det ikkje lett for dei, og det er eigentleg eit under at det i det heile er att nokon som vel å skrive på nynorsk.

– Framtidsplanar?

– Me har lurt på om me skulle starte ein biletserie som heiter «Eg skriv nynorsk», og ta bilete av alt og alle som er så langt unna nasjonalromantikken som ein kan tenkje seg. Og toppe det med to fine frognerfruer på Grand.

startsida

Klikk deg
til meir
nynorsk!

www.startsida.no

BEST WESTERN HOTELL
BONDEHEIMEN
Sidan 1913



Rosenkrantz' gate 8
N- 0159 Oslo
+ 47 23 21 41 00
bookingoffice@bondeheimen.com

- Eit naturleg val for overnatting og møte i hovudstaden
- Med LNK kortet får du alltid beste pris hos oss